

.no®

*Forholdet mellom varemerke og overlappende domenenamn ved overdraging og pantsetjing*

Kandidatnummer: 42

Ord: 14769



JUS399 Masteroppgave  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10. desember 2018

# Innholdsliste

Innholdsliste .....	1
1 Innleiing .....	3
1.1 Problemstillinga .....	3
1.2 Rettskjelder og metode .....	5
1.3 Om varemerke og domenenamn .....	7
1.3.1 Varemerkerett .....	7
1.3.2 Domenenamn .....	8
1.4 Når kan bruk av domenenamn krenke varemerkeretten? .....	9
1.4.1 Introduksjon .....	9
1.4.2 Inngrep etter varemerkelova § 4 .....	9
1.4.3 Særleg om bruk av domenenamnet .....	12
1.4.4 Bruk av domenenamn for å innarbeide varemerke .....	14
1.4.5 Rettsverknadene av at eit domenenamn krenkar varemerkeretten .....	15
1.5 Avgrensing .....	15
2 Overdragingstilfella .....	17
2.1 Innleiing .....	17
2.2 Tolking og utfylling .....	18
2.2.1 Ordlyden .....	18
2.2.2 Sentrale tolkingfaktorar .....	19
2.2.3 Utfylling med bakgrunnsretten .....	20
2.2.4 Tolking i lys av lojalitetsplikta .....	20
2.2.5 Opplysningsplikt .....	21
2.3 Merknader .....	23
3 Pantsetjingskonfliktar .....	24
3.1 Innleiing .....	24
3.2 I kva grad domenenamn er skikka som potensielle panteobjekt <i>de lege ferenda</i> .....	25
3.3 I kva grad domenenamn kan pantsetjast <i>de lege lata</i> .....	29
3.3.1 Pantsetjing etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav a .....	29
3.3.2 Pantsetjing etter nye pantelova § 4-15 .....	32
3.4 Sentrale moment i vurderinga .....	36
3.4.1 Sterk tilknytning .....	36

3.4.2	Avtalerettslege forhold .....	37
3.4.3	Rettslege forhold .....	37
3.4.4	Bransjepraksis .....	40
3.4.5	Panterettens effektivitet .....	41
3.4.6	Omsynet til rettsvissa .....	43
3.5	Merknader .....	44
	Litteraturliste .....	45

# 1 Innleiing

## 1.1 Problemstillinga

Me lever i eit innovasjonssamfunn der kvar dag fører med seg nye oppfinningar. Ein god del av desse forsvinn ut or verda like raskt som dei kjem inn, men nokre blir verande.

Så snart ei slik nyvinning kjem i møte med omverda vil det oppstå spørsmål om kva rolle ho skal ha. I ein rettsstat som vår er det naudsynleg å ta stilling til korleis ho skal møte normene som allereie eksisterer. Oppfinninga vil i eigenskap av å vere ei nyvinning, aldri ha fått si rettsstilling avklara. Anten det finst liknande rettsgode frå før av, eller om det vanskeleg finst noko å samanlikne den med, så vil rettsstillinga til nettopp denne oppfinninga aldri før ha vore handsama.

Over tid vil nyvinninga få si rettsstilling avgjort i høve til dei rettsgoda ho kjem i møte med. Som eit resultat vil det gradvis utvikle seg eit sett med reglar som handsamar nettopp denne nyvinninga. Men det vil stadig dukke opp nye felt der det trengst å avgjerast kva for rettsstilling ho har.

Ei slikt nyvinning er domenenamnet. Frå sin framvekst på 80-talet har det fått konstatert sin stilling i rettsordenen steg for steg, etter kvart som det har vore naudsynt. Slik det skal synast vidare har det fått sinn plass blant dei immaterielle rettsgoda. Det er slått fast at eit domenenamn kan innehalde eit varemerke, og soleis vere gjenstand for mange av reglane som regulerer retten til varemerke.<sup>1</sup> Dersom bruk av eit domenenamn òg inneber bruk av eit varemerke, kan det seiast at dei to rettane overlappar.

Med desse stadfestingane av domenenamnet sin rettsstilling har det samstundes oppstått nye spørsmål. Blant desse er spørsmålet om den formuerettslege stillinga til eit overlappende domenenamn.

---

<sup>1</sup> Jf. Rt-2004-1474.

Kva hender dømesvis dersom ein overdrar varemerket Skreple®, men ikkje det overlappende domenenamnet [www.skreple.no](http://www.skreple.no)?<sup>2</sup> Kan ein sjå domenenamnet som ein del av varemerket, eller må det handsamast som to separate rettsgode?

Likeins kan det spørjast ved pantsetjing av varemerke. For selskap der varemerket deira i stor grad er kjend gjennom bruken av det som domenenamn – til dømes komplett.no eller finn.no – kan verdien som panthavar ser i det pantsette varemerket, som ho baserer kredittyttinga si på, i realiteten i stor grad liggje i verdien av domenenamnet. Vil panthavaren då kunne høyrast med at ho må ha krav på å ta dekning ikkje berre i verdien av varemerket, men òg i verdien av det overlappende domenenamnet?

Eit særleg aktuelt spørsmål er korleis overlappende domenenamn bør handsamast i høve til ei potensiell vedtaking av ein særskild panterett i varemerke. I *Høringsnotat nr. 18/2638 om endringer i varemerkeloven og tolloven mv.*, vert det på grunnlag av EØS-plikter fremja forslag om å lovfeste ein regel om særskild pantsetjing av varemerke. Slik det vil synast i kapittelet om pant, kan det ei potensiell lovfesting stå fram som såpass nærliggjande at det er verdt å sjå nærare på om ei slik løyve òg kan påverke rettsstillinga til eit domenenamn som overlappar med det pantsette varemerket.

Desse spørsmåla skal drøftast nærmare i den vidare framstillinga. Meir generelt kan det formulerast som eit spørsmål om rettsstillinga til det overlappende domenenamnet, når varemerket det overlappar med skal disponerast over.

Før denne problemstillinga kan gjerast vidare greie for er, det naudsynt å klargjere innhaldet av omgrepa *varemerke* og *domenenamn* (1.3), og kva som skal til for at eit domenenamn overlappar med eit varemerke (1.4). Då det allereie her vil nyttast rettskjelder som skil seg særskild ut for varemerke- og domeneretten vil det vere naudsynt å kort gjere greie for den metodiske tilnærminga til dei særlege rettskjeldene (**Feil! Fant ikke referanseilden.**). Før ein vidare kan ta fatt på hovuddelen vil yttergrensene for framstillinga setjast ved avgrensing (1.5).

---

<sup>2</sup> «Skreple» er eit fiksjonelt varemerke til bruk som døme i oppgåva.

## 1.2 Rettskjelder og metode

Målet for oppgåva er å slå fast gjeldande rett for varemerke og overlappende domenenamn ved overdraging og pantsetjing. Framstillinga vil soleis nytte ein rettsdogmatisk metode for å slå fast spørsmåla som oppstår. Dette vil i essensen innebere at det skal forsøkast å gjere drøftinga slik Høgsterett ville gjort dersom dei hadde spørsmålet oppe til handsaming.<sup>3</sup> Kva for metodiske grep som vert gjort i ei juridisk drøfting kjem an på rettskjeldebiletet som pregar den særskilde drøftinga.<sup>4</sup> Det vil difor vere på sin plass å gjere nærare greie for dei rettskjeldene som skil seg særleg ut i den vidare framstillinga.

Som eit relativt ungt retts gode er det mange spørsmål kring domenenamn som framleis ikkje har vore handsama av Høgsterett. Spørsmåla kan likevel ha vore handsama i lagmannsretten eller tingretten. Slik underrettspraksis kan ikkje få prejudikatverdien slik som høgsterettsdommar har, og vil soleis ikkje ha ein like stor verdi for drøftinga. Som rettskjelde plar praksisen avgrensast til verdien av argumentasjonen den presenterer.<sup>5</sup> Men i fråvær av høgsterettspraksis kan underrettspraksis likevel få noko meir vekt.<sup>6</sup> Av omsyn til likskap for lova og til rettsvissa vil ein oftast forsøke å halde ein rettseinskap mellom underrettsdommane.<sup>7</sup> Der det kan visast til eit mønster i underrettspraksisen, kan dette soleis vere av ein viss eigenverdi dersom spørsmålet ikkje er handsama i Høgsterett. Her er det på den andre sida viktig å vere merksam på at standpunkta i underrettspraksisen til ein kvar tid kan gjerast om av Høgsterett. Ein bør av denne grunn syta for å undersøkje kvaliteten av argumentasjonen i underrettspraksisen der denne skal nyttast som rettskjeldefaktor.

Når det kjem til spørsmål om tolkinga av varemerkelova vil det kunne vere aktuelt å trekke inn EU-retten som tolkingfaktor. Varemerkelova skal som ei gjennomføring av Noreg sine plikter etter EU-direktiv 2008/95, tolkast i tråd med direktivet der tolkingstvil ligg føre. Når det gjeld praksis frå EU-domstolen kring direktivet, er Noreg formelt bunden av praksis fram

---

<sup>3</sup> Sjå Hans Fredrik Marthinussen, *Forholdet mellom panteretten og det sikrede kravet*, Oslo 2010, («Marthinussen 2010») s. 88–89.

<sup>4</sup> Sjå Jørn Øyrehagen Sunde, «Frå læring til rettsbruk – metoderefleksjonar i høve skriving av juridiske mastergradsoppgåver», *Jussens Venner*, 01/2009 s. 2–24 (på side 8–9).

<sup>5</sup> Jan Fridthjof Bernt og Synne Sæther Mæhle, *Rett, samfunn og demokrati – innledning til juss-studiet*, Oslo 2007, s. 257.

<sup>6</sup> Nils Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve, Bergen 2004 («Nygaard») s. 210.

<sup>7</sup> Omsynet til likskap i lova kjem til uttrykk i Grunnlova § 98. Om rettseinskap mellom underrettsdommar sjå Erik Monsen, *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk*, Oslo 2012 s. 39.

til EØS-avtalen vart underteikna 2. mai 1992, jf. EØS-loven § 6 jf. art. 2 a.<sup>8</sup> Sjølv om Noreg ikkje formelt er bunden av etterfylgjande praksis, var Høgsterett i Rt-2002-391 klar på at denne skulle få «stor vekt» ved tolking av norsk lov.<sup>9</sup> Avgjersler frå EU-domstolen vil soleis vere eit viktig tolkingsmoment ved tolking av varemerkelova, sjølv om dei er avsagt etter underskrivinga av EØS-avtalen.

Domenenamn er for sin del regulert noko annleis. Administrasjonen og tildelinga av domenenamn under norske toppdomene skjer etter reglane i NORID (Norsk registreringstjeneste for Internett domenenavn) sitt *Regelverk for .no* (namnepolitikken).<sup>10</sup> NORID står ansvarleg for sjølve administrasjonen og tildelinga av bruksrettar til domenenamn. Regelverket vert handheva som eit kontraktsforhold mellom NORID og den som har bruksrett til domenenamnet, ved at regelverket vedtakast som ein del av kontrakten om bruksretten til domenenamnet.<sup>11</sup> Regelverket er gjeve i kraft av *forskrift 1. august 2003 nr. 990 om domenenavn under norske landkodeloppdomener* (domeneforskrifta). Det må presiserast at namnepolitikken soleis ikkje er ei rettskjelde på lik line med lov eller forskrift, men er nærmare å rekne som ein form for obligasjonsrettslege standardvilkår. Sidan regelverket fastset innhaldet av bruksretten til domenenamn, vil det ha ei sentral rolle ved fastlegginga av domenenamn sin rettslege stilling.

Ei sentral kjelde i den panterettslege delen av avhandlinga vil vere utgreiinga til Prop.101 L (2013–2014) om endringar i pantelova. Utgreiinga er gjort av advokat Astri M. Lund med tittelen *Særskilt pantsettelse av immaterialrettigheter: en utredning av spørsmålet om det bør åpnes for særskilt pantsettelse av immaterielle rettigheter* – som av praktiske årsaker vert vist til som «Lund-utgreiinga» i det vidare. Lund-utgreiinga drøfta behovet for pantsetjing av ulike immaterielle rettar, der det vart gjort ei grundig vurdering av alle rettane som syntest aktuelle. Sjølv om det berre vart vedteke å lovfeste ein heimel for særskild pant i patentar og planteforedlarrettar, så inneheld utgreiinga mange gode argument kring pantsetjing av andre immaterielle rettar – både *de lege lata* og *de lege ferenda*.

---

<sup>8</sup> Lov 27. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-loven).

<sup>9</sup> Frå nyare praksis kan det visast til HR-2016-1993-A (avsnitt 42).

<sup>10</sup> Tilgjengeleg på <https://www.norid.no/no/regelverk/navnepolitikk/>.

<sup>11</sup> Sjå til dømes TSTRO-2011-156571 (Sør-Trøndelag tingrett) eller RG-2002-642 (Nordmøre tingrett) s. 648.

## 1.3 Om varemerke og domenenamn

### 1.3.1 Varemerkerett

For å kunne drøfte rettsstillinga til varemerke og overlappende domenenamn er det naudsynt at innhaldet av omgrepa gjerast nærare greie for.

Etter varemerkelova (vml.) § 1 fyrste ledd er ein varemerkerett ein «enerett til å bruke et varemerke som kjennetegn for varer eller tjenester i næringsvirksomhet».<sup>12</sup> Med denne eineretten fylgjer den positive retten til å nytte seg av varemerket og den negative retten til å hindre andre i å bruke varemerket. Eit varemerke skal med andre ord kunne nyttast som eit merke som gjer at andre kjenner igjen at dette er *din* vare eller teneste. For å hindre at nokon andre misbruker det gode namnet og ryktet du har byggja opp kring dine varer eller tenester skal du òg ha retten til å nekte andre å nytte dette merket. Den som sit på eineretten til eit varemerke visast til som «merkehavaren».<sup>13</sup>

Eit varemerke skal etter varemerkelova (vml.) § 2 fyrste ledd vere «alle slags tegn som er egnet til å skille en virksomhets varer eller tjenester fra andres». Kravet gjev uttrykk for det opphavelige føremålet med varemerka, som var å vise til det kommersielle opphavet til produktet.<sup>14</sup> I dag ser ein dette føremålet som noko utvida til òg å ha ein *kvalitets- og opphavsgarantifunksjon* og til å kunne byggje opp «*goodwill*» rund produktet.<sup>15</sup>

For at eit varemerke skal få vern krevjast anten registrering i varemerkeregisteret eller innarbeiding. Eit varemerke får vern ved innarbeiding når det har vore nytta så mykje at det er «godt kjent som noens særlige kjennetegn», jf. vml. § 3 tredje ledd. Den som søker vern ved registrering går gjennom ein kontroll frå patentstyret av at den oppfyller vilkåra for registrering. Blant desse er kravet om distinktivitet etter vml. § 14, om at varemerket har særpreg og ikkje er skildrande.<sup>16</sup>

Vidare må det ikkje stride mot offentlege interesser etter vml. § 15 eller mot private etter § 16. Sistnemnde krev mellom anna at varemerket ikkje krenker ein annan sin varemerkerett.

---

<sup>12</sup> Lov 31. mai 2010 nr. 4 om beskyttelse av varemerker § 1.

<sup>13</sup> Varemerkelova § 4 fyrste ledd.

<sup>14</sup> Birger Stuevold Lassen og Are Stenvik, *Kjennetegnsrett*, 3. utgåve, Oslo 2011 («Lassen og Stenvik») s. 25.

<sup>15</sup> Ibid. s. 26.

<sup>16</sup> Ibid. s. 25.



Vert varemerket registrert varer denne retten i 10 år, jf. vml. § 32. Registrering er derimot inga garanti for vern, der retten kan falle bort på fleire grunnlag etter registreringa.<sup>17</sup>

Varemerke kan etter noverande regelverk overdragast fritt, jf. vml. § 54.

### 1.3.2 Domenenamn

Domenenamn er hjelpemiddel for å enklare navigere verdsveven. Ein kvar datamaskin på verdsveven har ei IP-adresse beståande av ein kombinasjon av fire tal på opp til tre siffer kvar. Til dømes finn ein datamaskinen med nettstaden til Universitetet i Bergen (UiB) på adressa «129.177.6.11». Ulempa er at slike adresser ikkje er enkle å hugse for menneskja som skal finne fram til dei. Difor er det oppretta eit system som knyt IP-adressa til eit domenenamn som skal vere langt enklare å hugse. For UiB sin del er dette [www.uib.no](http://www.uib.no). Systemet som knyt domenenamn saman med ei IP-adresse kallast Domain Name System (DNS). Det er dette systemet som gjer at dersom du som skriv inn «www.uib.no» vert du vidaresendt til «129.177.6.11».

Domenenamnet «www.uib.no» er byggja opp av ulike element. Toppnivådomenet er «.no», som typisk er ein landkode, men òg kan vere generiske toppnivådomener som «.com», «.net», «.org», eller «.edu». Vidare har ein «uib» som er hovuddomenet til nettstaden.

Domenenamna innanfor dei ulike toppnivådomene tildelast og administrerast av ulike aktørar i verda. Toppnivådomenet «.no» administrerast av UNINETT Norid AS, som til vanleg kallast NORID.<sup>18</sup> Selskapet er eit dotterselskap av UNINETT, som igjen er heileigd av kunnskapsdepartementet.<sup>19</sup>

Administrasjon og forvaltning av domenenamn regulerast av domeneforskrifta. Reglar om tildeling av domenenamn er ikkje regulert gjennom lov eller forskrift, men styrast av NORID sitt sin namnepolitikk.<sup>20</sup> Ein kan ikkje få registrert eit hovuddomene som er identisk med eit

---

<sup>17</sup> Til dømes på grunn av motsegn jf. vml. § 26, ugyldigheit jf. vml. §§ 35, jf. 14 til 16 eller 8, degenerering, jf. vml. § 36 eller manglande bruk, jf. vml. § 37.

<sup>18</sup> Per Helset mfl., *Immaterialrett og produktetterlikning mv. etter markedsføringsloven*, Oslo 2009 («Helset 2009») s. 219-222.

<sup>19</sup> <https://no.wikipedia.org/wiki/UNINETT>.

<sup>20</sup> <https://www.norid.no/no/regelverk/navnepolitikk/>.

som allereie er registriert under toppnivådomenet (.no), jf. namnepolitikken punkt 3.4, slik at retten til domenenamn i utgangspunktet regulerast etter prinsippet «først i tid, best i rett».<sup>21</sup>

Registreringa av domenenamnet gjev etter namnepolitikken punkt 1.4 ein bruksrett til domenenamnet. Ved registreringa utfører NORID ingen kontroll av om domenenamnet strid med andre sine rettar. Ansvar for å kontrollere dette overlatast til søkaren som må gje ein eigenerklæring om at ho er i god tru om at det ikkje finnast konkurrerande rettar til namnet, jf. namnepolitikken punkt 15.1 bokstav b. Det gjerast vidare klart i punkt 14.2 at registrering «medfører ingen innskrenking i rettigheter andre måtte ha til å bruke navnet».

Domenenamn kan fritt overdragast så lenge den nye abonnenten oppfyller krava i regelverket.<sup>22</sup> Ved overdraging slettast den gamle registreringa og det opprettast ein ny, noko som gjer at det i teorien har vore argumentera for at det ikkje gjerast ei eigentleg overdraging.<sup>23</sup> Dette spørsmålet vert nærmare drøfta i avsnitt 3.2.

## **1.4 Når kan bruk av domenenamn krenke varemerkeretten?**

### **1.4.1 Introduksjon**

For at det skal kunne bli naudsynt å halde eit domenenamn og varemerke samla ved overdraging eller pantsetjing, og at dei slik sett skal reknast som avhengige av kvarandre, er det ein føresetnad at bruken av domenenamnet etter forholda kan vere eit inngrep i varemerkeretten. I dette underpunktet vil det difor drøftast kva som krevjast for at bruken av eit domenenamn vil vere ei krenking av ein varemerkerett.

### **1.4.2 Inngrep etter varemerkelova § 4**

Varemerkelova § 4 regulerer kva som kan reknast som eit inngrep i varemerkeretten. Bokstav a vernar mot bruk av *identiske* teikn for dei *same* varene eller tenestene som varemerket har vern. Bokstav b har eit vidare omfang til også å omfatte *liknande* teikn for varer eller tenester

---

<sup>21</sup> NOU 2001:8 Lov om varekjennetegn med motiver fra Varemerkeutredningen II punkt 8.2.

<sup>22</sup> Jf. namnepolitikken punkt 14.4.

<sup>23</sup> *Lund-utgreiinga* s. 13.

av *liknande slag*. Det stillast for desse tilfella opp eit tilleggsvilkår om at det må ligge føre risiko for forveksling. Både bokstav a og bokstav b kan vere aktuelle for domenenamn.

At bruk av varemerke i domenenamn kan vere eit inngrep i varemerkeretten stadfestast både av førearbeida til varemerkelova og av Høgsterett.<sup>24</sup> Utgangspunktet er at dei alminnelige kjenneteiknsrettslege reglane kan brukast på domenenamn.<sup>25</sup>

Bruken av varemerket må skje i «næringsvirksomhet», jf. vml. § 4 fyrste ledd. Det kan antakast at domenenamn som gjev eigaren økonomisk vinning som hovudregel kan reknast som bruk i «næringsvirksomhet».<sup>26 27</sup>

For teikn som liknar og nyttast for varer eller tenester av liknande slag krevjast det «risiko for forveksling», jf. vml. § 4 bokstav b. Som det går fram av ordlyden treng det ikkje å påvisast ein faktisk forveksling, ein risiko er tilstrekkeleg. Dei fleste inngrepstvistar gjeld teikn som liknar, men ikkje er identiske, noko som gjer bokstav b mest aktuell i praksis. Dersom teiknet er identisk og nyttast for varer og tenester for same slag, stillast det ikkje krav om forvekslingsfare, jf. bokstav a.

Spørsmålet om forvekslingsfare vil vere ei vurdering av i kor stor grad teiknet er «identisk med eller ligner varemerket» – såkalla *kjenneteiknslikskap*, og i kor stor grad det nyttast for «varer eller tenester av samme eller lignende slag» – såkalla *vareslagslikskap*.<sup>28</sup> Vilkåra må vurderast samla, og mindre kjenneteiknslikskap kan dermed kompensere for med ein større grad av vareslagslikskap, og vice versa, jf. C-39/97 premiss 17.

For kjenneteiknslikskap har det vekt om bruken gjev «inntrykk av at det finnes en forbindelse mellom tegnet og varemerket», jf. vml. § 4 bokstav b. Domenenamnet må namnet altså likne i den grad at ein alminneleg borgar i omsetningskretsen kan få inntrykk av at domenenamnet har ein forbindelse med varemerket.<sup>29</sup> Kjernetilfella vil vere kommersielle forbindelsar – reine assosiasjonar vil typisk falle utanfor ordlyden ut frå ei føremålsretta tolking. For eksempel vil retten strekkast for langt dersom varemerket «Playstation» kunne hindre bruken av

---

<sup>24</sup> Sjø NOU 2001:8 punkt 8.2, Ot.prp.nr.98 (2008–2009) s. 24 og Rt-2004-1474 avsnitt 32.

<sup>25</sup> Jf. NOU 2001:8 punkt 8.2.

<sup>26</sup> Sjø til dømes RG-2003-1092 (Asker og Bærum tingrett).

<sup>27</sup> Nærmare om kravet om næringsverksemd i *Lassen og Stenvik* 280-282.

<sup>28</sup> Sjø Ot.prp.nr.98 (2008–2009) s. 42 og *Lassen og Stenvik* s. 311.

<sup>29</sup> Det vurderast nærmare bestemd om ein *ikkje ubetydelig del* av omsetningskretsen kan forveksle varemerket og teiknet, jf. Rt-1998-1988 og *Lassen og Stenvik* s. 320.

spillkonsoll.no, sjølv om ein gjerne kan assosiere ordet spillkonsoll med varemerket Playstation.

Den einaste høgsterettsdommen som nyttar vml. § 4 på domenenamn er Rt-2004-1474 (volvoimport.no). Dommen gjaldt spørsmålet om domenet til ein uautorisert importør av bilar av merket Volvo braut med eineretten til varemerket Volvo. Retten kom til at det var kjenneteiknslikskap med vekt på at Volvo var det «sentrale elementet» i domenenamnet.

Argumentasjonen om at varemerket er det «sentrale element» i domenenamnet går igjen i ulike formar i dei fleste underrettsdommar som handsamar spørsmålet.<sup>30</sup> I RG-2003-997 (Borgarting lagmannsrett) vart «hp» sett som det sentrale element i hpshop.no. Tillegget av «shop» var ikkje tilstrekkeleg til å hindre forveksling.<sup>31</sup>

Kjenneteiknslikskap vil soleis typisk liggje føre der varemerket er det «sentrale elementet» i domenenamnet. Truleg må dette òg gjelde der det er ein kjend feilskrivning av varemerket, eller der det er fonetisk likskap eller berre skiljeteikn som er ulikt.<sup>32 33</sup>

I teorien er det argumentert for at terskelen for kjenneteiknslikskap for domenenamn bør vere høgare enn i alminneleg varemerkerett, då det berre kan registrerast eitt likelydande domenenamn, mens det for varemerke kan registrerast ein for kvar varegruppe.<sup>34</sup>

For vareslagslikskap er spørsmålet om bruken gjeld «varer eller tjenester av samme eller lignende slag», jf. vml. § 4. Dette må vurderast etter kva aktivitet som føregår på nettstaden. Kjerneområdet vil vere der den nyttast til sal eller reklame for ein vare eller teneste.

For domenenamn må ein undersøke kva område varene eller tenestane på nettstaden omsetjast til. Dette må deretter samanliknast med kva vare- eller tenesteklassar varemerket har vern for.<sup>35</sup> Til illustrasjon kan det visast til RG-2004-1542 (Oslo tingrett) der retten slutta at det

---

<sup>30</sup> Same resultat vart nådd i LB-2013-35584 (Borgarting lagmannsrett), TOSLO-2013-183501 (Oslo tingrett) og RG-2003-1092 (Asker og Bærum tingrett).

<sup>31</sup> HPshop anka dommen, men anke vart nekta då saka klart ikkje ville føre fram, jf. HR-2003-819-1.

<sup>32</sup> Eksempel på kjend feilskrivning er «kvaerner» til «kvearner» i kvearner.com, i straffesaken Rt-2003-825. B&Btools og bbtools.no i TOSLO-2013-183501 er eit godt eksempel på ulike skiljeteikn.

<sup>33</sup> Silje Johannesen, *Varemerkerettslige konflikter under .no*, Complex 9/2002 s. 38

<sup>34</sup> Ibid. s. 39

<sup>35</sup> Er varemerket registrert vil dette gå fram av registreringa i patentregisteret.

ikkje låg føre vareslagslikskap mellom solbrillesalet på nettstaden til saksøkte – google.no – og søkemotortjenesta som varemerket Google var registrert for.<sup>36 37</sup>

Er varemerket «velkjent her i riket» stillast det ikkje krav om forvekslingsfare, jf. vml. § 4 andre ledd – den såkalla «kodakregelen». Varemerket vil då ha vern mot at andre nyttar liknande teikn som varemerket uavhengig av vare- eller tenesteklasse. I staden stillast det krav om at varemerket sin «goodwill» vert urimeleg utnytta eller skada. Regelen vart nytta i Rt-2004-1474 (volvoimport.no).

Eit kodakverna varemerke vil kunne handheve retten sin innanfor alle vareklassar. Ein vil soleis kunne unngå problemet som alminnelege varemerke kan møte, der andre rettmessig kan bruke varemerket som domenenamn for ein annan vareklasse enn den varemerket har vern for.

Domenenamn som oppfyller vilkåra for å gjere inngrep i ein varemerkerett kallast i det vidare for *overlappende domenenamn*.

### 1.4.3 Særleg om bruk av domenenamnet

Det vart i Rt-2004-1474 avklara at bruk av eit varemerke i eit domenenamn kvalifiserer som «bruk[...]» etter vml. § 4 fyrste ledd. Eit spørsmål som ikkje vart handsama var kvar den nedre grensa for «bruk» går. Utgjer det «bruk» å registrere eit domenenamn utan å nytte det?

Ordlyden av «bruk» krev i seg sjølv eit minstemål av aktivitet. Opplistinga i tredje ledd bokstav a til d omfattar med anna å «sette merker på varer eller deres emballasje», «bringe [varer] på markedet», «innføre eller utføre varer med tegnet på» eller «bruke tegnet på forretningspapirer og reklame». Felles for alternativa er at teiknet *eksponerast* for omverda slik at det oppstår risiko for forveksling. Frå ein rein kontekstuell tolking kan dette tilseie at registrering bør vere tilstrekkeleg, då domenenamn ligg tilgjengeleg for alle med tilgang til verdsveven. På den andre sida vil eit domenenamn utan innhald på den tilknytte nettstaden vanskeleg tiltrekke seg noko merksemd.

Dessutan er det sentrale føremål med varemerkeretten å hindre at andre urettmessig unytter kvalitets- og opphavsgarantien, i tillegg til den «goodwill» merkehavaren har forsøkt å

---

<sup>36</sup> Retten kom derimot til at bruken braut med marknadsføringslova.

<sup>37</sup> For eit tilfelle der det låg føre vareslagslikskap, sjå RG-2003-1092 (Asker og Bærum tingrett).

opparbeide.<sup>38</sup> Den som urettmessig nytter varemerket vil soleis kunne utnytte andre sitt harde arbeid til eigen fortjeneste, og for det andre i verste fall skade det renommé som merkehavaren har opparbeida dersom vedkommande gjer ein dårleg representasjon. Eit domenenamn som er registrera utan å vere tatt i bruk vil vanskeleg kunne seiast å bryte med omsyna bak varemerkevernet. Ei føremålsretta tolking kan difor støtte at registrering av domenenamn åleine bør gå utanfor vml. § 4.

Spørsmålet har vore oppe fleire gongar i tingretten der det har vore uttala at registrering åleine ikkje er tilstrekkeleg for å vere «bruk» av varemerket etter varemerkelova § 4 fyrste ledd.<sup>39</sup>

Standpunktet får støtte i *Lassen og Stenvik* som med grunnlag i desse dommene meiner at den «blotte registrering» ikkje vil vere tilstrekkeleg.<sup>40</sup> Det same meiner Toril Melander Stene med tilvising til *Lassen og Stenvik*.<sup>41</sup> Ei viss støtte kan òg finnast i Wagle og Ødegaard *Opphavsrett i en digital verden* som argumenterer for at det må stillast vilkår om bruk på ein urimeleg måte, noko registrering oftast ikkje vil vere tilstrekkeleg til.<sup>42</sup>

Det kan nok med dette antakast at ei rein registrering ikkje er tilstrekkeleg til gjere inngrep i varemerkeretten etter vml. § 4. Likevel bør det gjerast merknad ved at dei som registrerer eit overlappende domenenamn utan å ta det i bruk, med sikte på å selje domenenamnet til merkehavaren – såkalla «cybersquatting» eller domenepiratverksemd – ofte vil kunne dømmast etter reglane i marknadsføringslova.<sup>43</sup>

Det kan stillast spørsmål ved om ein kan avslutte bruken sin av domenet, dømesvis ved parkering, for å komme klar kravet om bruk.<sup>44</sup> Nettstaden kan enda nyttast til reklameinntekter, der det er mogleg å ha annonser som visast på sida samen med varselet om at domenet er parkert.<sup>45</sup> Der domenet allereie har vore nytta på eit vis som bryt med varemerket, har tingretten ikkje sett parkering av domenet som tilstrekkeleg.<sup>46</sup> Tingretten

---

<sup>38</sup> *Lassen og Stenvik* s. 25.

<sup>39</sup> Sjø RG-2002-642 (Nordmøre tingrett), RG-2004-1542 (Oslo tingrett), TOSLO-2006-136792 (Oslo tingrett) og 05-142671TVI-AHER/2 (Asker- og Bærum tingrett).

<sup>40</sup> *Lassen og Stenvik* s. 285.

<sup>41</sup> Sjø *Helset 2009* s. 237.

<sup>42</sup> Anders Mediaas Wagle og Magnus Ødegaard jr., *Opphavsrett i en digital verden*, Oslo 1997 s. 473.

<sup>43</sup> Jf. marknadsføringslova § 25 (ein vidareføring av marknadsføringslova av 1972 § 1). Sjø til dømes RG-2002-642 (Nordmøre tingrett), TOSLO-2006-136792 (Oslo tingrett).

<sup>44</sup> Parkering inneber at domenet tas ut av bruk og innhaldet fjernast, men at det enno står registrert på same rettshavar.

<sup>45</sup> Sjø til dømes <https://sedo.com/us/park-domains/>

<sup>46</sup> TAHER-2010-180212.

meinte at saksøkte braut med varemerkeretten til saksøkar ved å parkere domenet då det hindra merkeharar i å sjølv registrere eit domenenamn som svara til varemerket, med tilvising til vml. § 1. Det er noko tvilsamt om denne argumentasjonen er i samsvar med grunngevinga for regelen som stillast opp overfor.

Ein meir haldbar argumentasjon må i dette tilfellet vere den som førast i LB-2013-35584 (Borgarting lagmannsrett). Her vart det lagt vekt på faren for fortsatt framtidig bruk av domenenamnet. Dette vart gjort med heimel i vml. § 57 for å hindre bruk der det er fare for nye framtidige inngrep.<sup>47</sup>

Gode grunnar kan med dette tilseie at eit domenenamn som har krenka ein varemerkerett ikkje kan avbryte inngrepet ved å avslutte aktiviteten, i det minste der det kan påvisast fare for framtidige inngrep.<sup>48</sup>

#### **1.4.4 Bruk av domenenamn for å innarbeide varemerke**

Sjølv om ei registrering av eit domenenamn i seg sjølv ikkje kan gje større eller andre rettar til namnet, jf. namnepolitikken punkt 14.2 andre setning, kan det ikkje sjåast bort i frå at bruk av eit domenenamn føre til at det innarbeidast som varemerke.

Til dømes framhevar Lang-Ree at domenenamnet «RASFARE.NO» truleg er innarbeida i Oslo-området, etter at det over fleire vintrar har vore nytta på vimplar på hus der det er fare for takras.<sup>49</sup> Det kan gjerast merknad ved at RASFARE.NO i ettertid har oppnådd registrering som varemerke.

Spørsmålet om innarbeiding av varemerke ved bruk av domenenamn var oppe for Oslo tingrett i RG-2004-1542, men retten såg det ikkje som naudsynt å ta stilling til det. Retten uttala likevel at ein ikkje kunne sjå bort i frå at domenenamnet kunne vere innarbeida som varemerke.<sup>50</sup>

---

<sup>47</sup> Liknande slutning vart nådd i RG-2012-578 (Gulating) (grunngeving går fram av tingrettsdommen i THAUG-2010-68241) og TOSLO-2013-183501 (Oslo tingrett).

<sup>48</sup> Sjå. *Lassen og Stenvik* s. 285.

<sup>49</sup> Jf. Kari Anne Lang-Ree, *Noen kommentarer om forholdet mellom varemerkeretten og domenearn under .no* punkt 3.

<sup>50</sup> Jf. RG-2004-1542 punkt 5.

### **1.4.5 Rettsverknadene av at eit domenenamn krenkar varemerkeretten**

Dersom det ligg føre eit inngrep i varemerkeretten kan merkehavaren krevje bruken stogga etter vml. § 59. Føresegnet innehaldt tidlegare ein eksplisitt stadfesting av retten til å stogge bruken av domenenamn som strid med ein varemerkerett. Ordlyden er no meir generelt utforma, utan at dette er meint å verke inn på rettsstilstanden.<sup>51</sup>

Eit domenenamn som bryt med ein varemerkerett vil soleis kunne krevjast sletta og i visse tilfelle overførast til merkehavaren. Det fylgjer av namnepolitikken punkt 12.1 bokstav a og c at NORID kan slette domenenamnet ved høvesvis rettskraftig dom eller mellombels åtgjerd. Domstolane plar nøye seg med dom om sletting,<sup>52</sup> men ser det i visse tilfelle som naudsynt å samstundes krevje overdraging.<sup>53</sup> I TAHER-2010-180212 (side 8) vart sletting vald med tilvising til at det ville virke urimeleg å pålegge saksøkte å overdra domenet utan kostnadsdekning. Om saksøkte vert dømd til sletting eller overføring vil ha mindre å seie, der det sentrale er at domenenamnet gjerast tilgjengeleg for merkeharar for registrering.

## **1.5 Avgrensing**

Av omsyn til oppgåva si storleik og omfang vil det vere naudsynt å gjere visse avgrensingar.

For det fyrste vil reglane i føretaksnamelova og marknadsføringslova falle utanfor vurderinga.<sup>54</sup> Drøftingar om overdraging og pantsetjing vil vere av mindre interesse for firmanamn då dei berre kan overdragast saman med verksemda og ikkje i det heile kan pantsetjast.<sup>55</sup>

Når det gjeld sekundære forretningskjenneteikn vil truleg mange av tilfella som gjeld varemerke kunne handsamast likt for sekundære forretningskjenneteikn. Det er vald å fokusere på varemerke i denne framstillinga, mellom anna fordi den potensielle lovfestinga av

---

<sup>51</sup> Prop.81 L (2012–2013) s. 121.

<sup>52</sup> Sjø dømesvis Rt-2004-1474, RG-2003-997 (Borgarting) og TOSLO-2013-183501 (Oslo tingrett).

<sup>53</sup> Sjø LB-2013-35584 (Borgarting), RG-2012-578 (Gulating), RG-2004-1542 (Oslo tingrett) og TOSLO-2014-192212 (Oslo tingrett).

<sup>54</sup> Høvesvis lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv. og lov 9. januar 2009 nr. 2 om kontroll med marknadsføring og avtalevilkår mv.

<sup>55</sup> Jf. føretaksnamelova § 4-1.



ein særskild panterett for varemerke etter mitt skjønn vil gjere ein varemerkerettsleg drøfting meir interessant.<sup>56</sup>

Reglane i marknadsføringslova vert utelaten av reint plassmessige omsyn, sjølv om dei klart kan føre med seg interessante drøftingar.<sup>57</sup>

Det vil vidare avgrensast til domenenamn under det norske toppdomenet .no. Då dei ulike toppdomena regulerast av ulike regelsett vil fleire toppdomene for det meste føre til ein uturvande komplikasjon av oppgåva. Sidan reglane om overdraging av domenenamn kan variere mellom dei ulike toppdomena kunne dette ført til varierende konklusjonar dersom dei skulle nyttast i denne framstillinga. Skal ein ytre seg generelt kan det antakast at toppdomene med meir liberale omsetningsreglar enn dei som gjeld for .no truleg ville kunne handsamast likt som .no i denne framstillinga.

Til sist vil drøftinga av omfangsmessige årsakar avgrensast til å ta føre seg avtalepant, der vurderingar av utlegg og konkurs vil falle utanfor vurderinga. For ei drøfting av reglane om domenenamn ved konkurs og utlegg visast det til framstillinga til Torjus Torjusen, *Beslag i domenenavn*.<sup>58</sup>

---

<sup>56</sup> Meir om potensiell lovfesting av særskild panteløyve for varemerker i avsnitt 3.3.2.

<sup>57</sup> Til dømes spørsmålet om domenepiratverksemd i avsnitt 1.4.3.

<sup>58</sup> Torjus Torjusen, *Beslag i domenenavn*, spesialoppgave ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo, 2000.

## 2 Overdragingstilfella

### 2.1 Innleiing

Det fyrste temaet som skal drøftast er forholdet mellom varemerke og overlappende domenenamn når berre varemerket vert overdratt. Eit domenenamn kan som vist i avsnitt 1.4 gjere inngrep i varemerkeretten. Då merkehavaren på grunnlag av dette kan krevje at bruken av domenenamnet opphøyrer, kan det spørjast om denne samanhengen mellom goda kan verke inn på avtalar som berre nemner varemerket.

Har til dømes A avhenda varemerket «Skreple» til B utan å samstundes overdra domenet [www.skreple.no](http://www.skreple.no), kan intensjonen vere uklar viss kontrakten er taus om forholdet til domenet. Kanskje oppdagar B domenet i ettertid og krev at A sin bruk av domenet stoggar fordi det strid med varemerkeretten hans. Til dette kan det vere at A protesterer at føresetnaden i avtalen var at A skulle kunne fortsetje å nytte domenet som før.

Ingen avtaleforhold er heilt identiske, og det kan soleis alltid liggje føre særskilde tilhøve som kan påverke avtaletolkinga.<sup>59</sup> Dette gjer det vanskeleg å stille opp klare reglar om at visse moment må føre til visse utfall. I framstillinga her vil det i staden forsøkast å stille opp moment som kan ha vekt i avtaletolkinga og som kan favorisere ein løysning framfor ein annan.

Den som har fått eit varemerke overført til seg og i tillegg meiner å ha rett på det overlappende domenenamnet, vil ikkje naudsynsvis enklast få tilgang til domenenamnet ved å gjere gjeldande kontraktbrot. I desse tilfella kan vere meir effektivt å nytte i reglane om tolking og utfylling av avtalar, slik at ervervar potensielt kan vise til ein rett til domenenamnet allereie ved avtaleslutninga. I det vidare vil det soleis drøftast når det kan finnast grunnlag i avtalen sjølv for å krevje at det overlappende domenenamnet fylgjer med varemerket.

---

<sup>59</sup> Som Giertsen formulerer det: «Enhver omstendighet knyttet til avtalen kan ha relevans ved tolkningen», jf. Johan Giertsen, *Avtaler*, 3. utgåve, Oslo 2014 («Giertsen») s. 124. Då omstenda ved ein avtale alltid vil ha skilnader frå ein annan er det vanskeleg å føresjå tolkingresultatet på generelt grunnlag.

## 2.2 Tolking og utfylling

### 2.2.1 Ordlyden

Utgangspunktet i avtaleretten er at *avtalen skal oppfyllest som den er inngått*.<sup>60</sup> Kva avtale som er inngått må tolkast ut frå partane sin felles forståing ved avtaledanninga eller ein enkelt part sin forståing der denne var kjend for den andre parten.<sup>61</sup> Om rettleiing ikkje kan finnast i desse forholda må tolkinga gjerast med utgangspunkt i den naturlege forståinga av avtalen sin ordlyd.<sup>62</sup> Der avtalen er uklar eller taus vil det vere aktuelt å trekke inn andre tolkingfaktorar.<sup>63</sup>

Dersom det soleis kan visast til ei felles forståing om at domenenamnet skal fylje med ved avtaleinngåinga, vil dette vere eit vektig argument for at overdraging av domenenamnet er avtala. Vidare vil avtaleparten oftast ikkje kunne sikre seg ved å ikkje gje ein klar respons når motparten gjev uttrykk for ein føresetnad om at domenenamnet er ein del av avtalen.<sup>64</sup> Men så enkelt vil det ofte ikkje vere, og ein må gjerne ty til avtala si ordlegging for råd.

Er ordlyden klar kan ein oftast lite på denne, men i tvistetilfella vil dette typisk ikkje vere saka. Avtalen kan innehalde breie formuleringar som «kjøpar overtar alle rettar til varemerket», som gjer det uklart kva forholdet til domenenamnet vil vere.

Ein slik ordlyd kan for det fyrste peike mot rettar til bruk av varemerket, men òg rettar til å nekte andre å bruke namnet fell inn under ordlyden. Det vil vere nærliggande å tolke ordlyden slik at domenenamn som er identisk med varemerket omfattast. Svaret er meir uklart der domenenamnet berre liknar eller kan relaterast til domenet. Dersom domenenamnet krenker varemerkeretten etter vml. § 4, og bruken soleis kan stoggast etter vml. § 59, bør nok domenenamnet òg reknast å som ein rett som høyrer til varemerket.

I andre høve kan ordlyden vere snevrare formulert, til dømes at «kjøper overtar varemerkeretten». Her kan ordlyden yte noko meir motstand, og det kan vere naudsynt å søkje støtte i andre moment.

---

<sup>60</sup> Jf. Kong Christian Den Femtis Norske Lov av 15 april 1687 artikkel 5-1-2.

<sup>61</sup> For felles forståing sjå Rt-2011-1553 (avsnitt 47), for ein part sin forståing sjå Rt-1969-1.

<sup>62</sup> Jf. Rt-1997-1807.

<sup>63</sup> Sjø *Giertsen* s. 124.

<sup>64</sup> Kåre Lilleholt, *Kontraksrett og obligasjonsrett*, Oslo 2017 («Lilleholt 2017») s. 101.

## 2.2.2 Sentrale tolkingsfaktorar

Ved tolking av kontraktar om overføring av varemerke eller domenenamn er det nokre tolkingsfaktorar som særleg kan vere av relevans. I det fylgjande vil dei mest sentrale listast opp.

Dersom det kan finnast støtte i føremålet med avtalen kan dette ha mykje å seie.<sup>65</sup> I avtalar om overdraging av varemerke vil kjøparen oftast ynskje å nytte varemerket som vanleg med alle dei tilhøyrande rettane.<sup>66</sup> Som ein einerett vil ho forvente å kunne nytte varemerket til alle dei bruksområder det har vern for, til dømes som domenenamn. Ein føremålsretta tolking kan soleis tilseie at avtalen tolkast slik at retten til dei ulike bruksformane for varemerket fylgjer med i overdraginga.

Omsynet til *avtalen sin effektivitet* kan òg støtte ei overdraging av den overlappande retten. Der konflikten i verste fall kan føre til at ein part står att med bruksretten til domenenamnet, men ikkje kan ta det i bruk fordi det strid med varemerkeretten til den andre part, kan omsynet til effektivitet tilseie at mottakaren av retten òg bør få den overlappande retten. Om retten er overlappande må avgjerast etter reglane i varemerkeloven som vist overfor.

Balanse er eit sentralt omsyn i kontraktsretten og gjev seg med anna utslag i det kontraktsrettslege grunnprinsippet «yting mot yting».<sup>67</sup> Ved tolking vil omsynet til balanse favorisere den mest balanserte løysinga mellom partane.<sup>68</sup> Dersom pengeytinga i avtalen vanskeleg kan svare til verdien av noko meir enn berre varemerket, kan ei tolking der begge goda fylgjer med føre til eit ujamnt resultat. Dette vil òg kunne gjelde motsett veg. Dersom det vanskeleg kan synast at partane har meint å nå ein slik ujamn fordeling, kan omsynet til balanse tilseie ei tolking der domenenamnet ikkje inkluderast. Ei slik vurdering kan verte vanskeleg i praksis der verdien av domenenamnet i stor grad kan kome av at det inneheld varemerket, og vice versa.

---

<sup>65</sup> Sjå til dømes Rt-1989-122 (side 128).

<sup>66</sup> Regelen i kjl. § 17 (2) bokstav a kan synast å vere eit utslag av dette prinsippet, der det vil liggje føre mangel når salsobjektet «ikkje passe for de formål som tilsvarende ting vanligvis brukes til».

<sup>67</sup> *Giertsen* s. 130.

<sup>68</sup> Sjå til dømes Rt-1984-44 (side 49).

### 2.2.3 Utfylling med bakgrunnsretten

Der kontrakten er tyst eller uklar kring noko som regulerast av deklarasjonar i bakgrunnsretten, kan denne nyttast som tolkingsbidrag til høvesvis å fylle ut kontrakten eller som tolkingsmoment i retning loven si løysing. Sjølv om bakgrunnsretten ikkje utan vidare kan brukast på desse tilfella, vil det bidra til eit føreseieleg resultat som er godt og grundig vurdert av lovgjevar der kontrakten sjølv ikkje tar eksplisitt stilling til spørsmålet.<sup>69</sup>

Som nemnd i innleiinga vil det vere høve for krevje at eit domenenamn som krenker varemerkeretten etter vml. § 59 vert sletta. Der bruken er opphøyrta kan domenenamnet også slettast på grunn av fare for nye inngrep, jf. vml. § 57.<sup>70</sup> Føresegnet kan oppfattast som eit uttrykk frå lovgjevar om at varemerke og overlappende domenenamn bør fylgje med kvarandre ved overdraging. Der spørsmålet ikkje er regulert i kontrakten kan soleis vml. § 59 og § 57 støtte ei tolking der domenenamnet fylgjer med overdraginga av varemerket.

### 2.2.4 Tolking i lys av lojalitetsplikta

Lojalitetsplikta inneber grovt sett ei plikt for partane til å ta omsyn til den andre parten sine interesser i avtalen, utover det som kan krevjast direkte av ordlyden i avtalen. Plikta er eit unntak frå hovudregelen om at partane skal sikre sin eigne interesser.<sup>71</sup> Ved tolking vil omsynet til lojalitetsplikta favorisere tolkingsalternativet som gjev balanserte og rimelege løysingar som vernar partane sine verneverdige forventningar.<sup>72 73</sup> Læra har langvarig fotfeste i norsk rett og har ei rekke lovfesta utslag, men eksisterer òg som eit generelt ulovfesta prinsipp.<sup>74</sup> Høgsterett bekrefta at det gjeld ei slik generell plikt til lojal framferd mellom kontraktspartar i Rt-1988-1078 (på s. 1084). Innhaldet av lojalitetsplikta er relativt,<sup>75</sup> den vil få ulikt innhald ut frå forholda i den konkrete avtalen, då særleg styrkeforholdet mellom partane,<sup>76</sup> og på ulike tidspunkt av fullbyrdinga av avtalen.<sup>77</sup>

---

<sup>69</sup> Sjø *Giertsen* s. 131.

<sup>70</sup> Sjø avsnitt 1.4.3.

<sup>71</sup> Jo Hov og Alf Petter Høgberg, *Obligasjonsrett*, Oslo 2017 («Hov og Høgberg») s. 35 og *Giertsen* s. 11.

<sup>72</sup> *Hov og Høgberg* s. 37

<sup>73</sup> Henriette Nazarian, *Lojalitetsplikt i kontraktsforhold*, Oslo 2007 («Nazarian») s. 271.

<sup>74</sup> Inger Berg Ørstavik, *Innovasjonsspiralen – patentrettslige, kontraktsrettslige og konkurranserettslige spørsmål ved forbedring av patenterte oppfinningar*, Oslo 2011 («Ørstavik»)s. 165 og 166.

<sup>75</sup> Sjø *Nazarian* s. 275 og Rt-1988-1078 på s. 1084.

<sup>76</sup> Sjø *Nazarian* s. 283.

<sup>77</sup> Sjø *Ørstavik* s. 174-178 og *Hov og Høgberg* s. 36-38.

Der ordlyden er vag eller tvitydig, kan lojalitetsplikta tilseie ei løysing som støtter kontraktsparten si verneverdige forventning om få ei eksklusiv utnytting av varemerket. Etter omstenda kan lojalitetsplikta nyttast til å støtte ei tolking der det overlappande domenenamnet fylgjer med.

Uklarleiksregelen kan her supplere tolkinga. Høgsterett skildrar regelen som at ein «uklar avtale skal tolkes mot den som burde uttrykt seg klarere», jf. Rt-2006-1715 (avsnitt 49). Den som burde uttrykt seg klarare er oftast den som har utforma vilkåret, og det gjer seg særleg gjeldande der ein part har utforma standardkontrakt.<sup>78</sup> Elles kan det gjerne ventast at den mest erfarne eller ressurssterke parten har størst forventning på seg om å sørgje for at avtalen vert klarare formulert. Er det uklart om domenenamnet skal fylgje med varemerkeretten kan regelen soleis tilseie ei tolking i den som utforma avtalen sin disfavør.

Vanskelegare kan det vere der avtalen er snevert formulert, og til dømes berre taler om at «varemerket» skal avhendast til den andre parten. Her er det lite ved ordlyden i seg sjølv som peiker mot at nokre andre rettar skal vere med i overdraginga. I slike tilfelle kan lojalitetsprinsippet innebere at ein part får ytterlegare plikter i avtalen.<sup>79</sup> Dømesvis kan omsynet til lojalitet tilseie ei plikt til å overdra dei domenenamn som bryt med varemerkeretten.

Dei nærmare rettsverknadene her må avgjerast for den enkelte kontrakt. Er avtalen av eit slag som ber meir preg av eit illojalt hemmelighald kring det overlappande domenenamnet kan dette støtte at domenenamnet fylgjer med. I den andre enden av spekteret ligg avtalar der avtalemotparten kjenner til domenenamnet, og kanskje stiller seg likegyldig til kva domenenamnet nyttast til.

### **2.2.5 Opplysningsplikt**

Utgangspunktet i obligasjonsretten er at partane har ansvaret for sine eigne forventingar.<sup>80</sup> Det gjeld soleis inga generell opplysningsplikt.<sup>81</sup> I visse tilfelle vil det likevel vere forhold ved avtaleobjektet som er så sentralt for avtalen at avtalemotparten må reknast å ha ei plikt til å

---

<sup>78</sup> Sjø *Giertsen* s. 131-133.

<sup>79</sup> Sjø *Hov og Høgberg* s. 37 og Rt-1936-909.

<sup>80</sup> Viggo Hagstrøm, *Kjøpsrett*, Oslo 2015 side. 70.

<sup>81</sup> *Nazarian* s. 359.

informere om dei. Opplysningsplikta er eit utslag av den generelle obligasjonsrettslege lojalitetsplikta.

Dersom det gjeld ei opplysningsplikt og avtalemotparten likevel held seg taus kan det medføre eit avtalebrot, som kan medføre at «ytelsen skal være i samsvar med det kreditor på bakgrunn av realdebitors taushet kunne forvente».<sup>82</sup> Sjølv om brot på opplysningsplikt er ein mangel og soleis går utanfor fokuset i dette kapittelet, er det ikkje naudsynsvis slik at det er utan relevans. Som eit utslag av lojalitetsplikta kan opplysningsplikta ha nytte ved tolkinga av kontrakten. Dersom ein part har brote opplysningsplikta si kan dette vere eit argument for å tolke kontrakten i hennar disfavour.<sup>83</sup>

Kjopslova har inga generell lovfesta opplysningsplikt, men det gjeld ei for «som den er»-atterhald i § 19 andre ledd bokstav b. Det er ut frå ein «meir til det mindre»-synsmåte alminneleg semje om at ei slik opplysningsplikt òg må gjelde for lova generelt.<sup>84</sup> For at det skal liggje føre ei opplysningsplikt er det naudsynt at kjøparen hadde ei verneverdig forventning om å få opplysinga, jf. «som kjøperen hadde grunn til å rekne med å få». Vidare må det ha vore klanderverdig å unnlate å opplyse om forholdet, jf. «vesentlige forhold ved tingen eller dens bruk som han måtte kjenne til».<sup>85</sup> Opplysingane må vere av ein slik karakter at avtalen ville blitt inngått på andre vilkår eller ikkje i det heile dersom opplysingane var kjende, jf. «antas å ha innvirket på kjøpet», og seljaren må ha vore aktlaus kring unnlatinga av å gje opplysingane, jf. «måtte kjenne til».<sup>86</sup>

Det kan så stillast spørsmål ved om opplysningsplikta kan gjerast gjeldande ved overføringa av eit varemerke der seljaren sit med retten til det overlappende domenenamn. Om kjøparen har ein verneverdig forventning om å informerast om domenenamnet vil kome an på om han har planar om å nytte domenenamn for varemerket i drifta si. På den andre sida vil eit domenenamn med forvekslingsfare med varemerket kunne sverte varemerket dersom det nyttast på feil vis. Merkehavaren vil ha då ei rettkomen interesse i å informerast om dei bruksområder for varemerket som seljaren har. Men dette problemet kan løysast gjennom varemerkelova § 59, og merkehavaren kan krevje domenet sletta og i visse tilfelle òg overført

---

<sup>82</sup> Viggo Hagstrøm, *Obligasjonsrett*, Oslo 2011 s. 148.

<sup>83</sup> Kai Krüger, *Tolkning av kontrakter som er tildelt ved anbudskonkurranse*, s. 115

<sup>84</sup> Sjø Rt-2012-1926 (avsnitt 45), *Lilleholt 2017* s. 181 og *Hov og Høgberg* s. 149 med noter.

<sup>85</sup> *Nazarian* s. 361.

<sup>86</sup> *Ibid.* s. 368 og 365.

til seg sjølv, slik at problemet stoggar. Det kan difor stillast spørsmål ved om det er naudsynt å stille opp ei opplysningsplikt her.

Løysinga over er derimot lite rettsøkonomisk, og det vil vere ein ulempe om ein konflikt som kunne ha vore løyst på avtalestadiet må først gjennom rettssystemet for å løysast. Tatt omsyn for dette vil kjøparen av varemerket ofte kunne ha ei verneverdig forventning om å informerast om andre rettar som seljaren har, som strid med varemerkeretten han skal kjøpe. Det kan vidare vere sannsynleg at avtalen ville vore gjort på andre vilkår. Seljar vil vidare ofte vere aktlaus i slike tilfelle – viss ein har eit domenenamn som er likelydande eller liknande med varemerket ein sel vil det oftast vere rimeleg å forvente at seljar informerer om dette.

## **2.3 Merknader**

Det må igjen påpeikast at det vanskeleg kan slåast fast generelle utfall i for overdragingstilfelle, då det vil variere mellom kvar enkelt avtale. Likevel kan det nok seiast at momenta som leggjast fram i dette kapitlet under dei rette omstenda kan føre til at overlappende domenenamn må fylgje med varemerke ved overdraging.



## 3 Pantsetjingskonfliktar

### 3.1 Innleiing

Ein annleis måte å disponere over varemerkeretten på er ved pantsetjing. Sjølv om det også her gjerast ei disponering over retten til varemerket gjennom avtale, vil ikkje løysinga ved pantsetjing naudsynsvis vere identisk med den for overdraging, kva gjeld forholdet til det overlappende domenenamnet.

I panteretten må fokuset utvidast frå å sjå på avtalefridommen mellom dei to partane, til å òg ta omsyn til dei preseptoriske reglane i pantelova, til resten av kreditorfellesskapet og til rettsvissa. Det vil soleis vere naudsynt å undersøkje nærmare kva som hender med det overlappende domenenamnet når varemerket pantsetjast.

Ved pantsetjing av varemerke kan problemstillingane knytt til det overlappende domenenamnet delast inn i to kategoriar.

Den fyrste gjeld spørsmål om kva rettar *erervaren av det realiserte varemerket* har. Under dette fell spørsmål om ho bør ha rett på å få overført retten til det overlappende domenenamnet til seg på grunn av tilknytninga mellom rettsgoda. Denne kategorien vil i hovudsak knyte seg til erervaren, men kan òg ha noko å seie for realisasjonsverdien av varemerket, og slik sett påverke dekningsgrunnlaget til panthavar.

Den andre kategorien gjeld spørsmål om *omfanget av panthavar sitt dekningsgrunnlag*. Sjølv om varemerket og det overlappende domenenamnet kan realiserast og seljast samla – anten fordi konkursbuet ser det som den beste løysinga, eller fordi tilknytninga mellom rettane krev det – vil ikkje panthavar utan vidare kunne krevje dekning i den samla verdien av begge formuesgoda. Denne kategorien gjeld i hovudsak panthavar sin rett.

Då den fyrste kategorien på mange punkt truleg vil svare til drøftinga i kapittel 2, vil den vidare framstillinga fokusere på den andre kategorien om panthavar sin rett. Dette grunngevast samstundes i at det er denne kategorien som oftast vil vere avgjerande for pantsetjar sin dekningsrett, og soleis vil vere av størst interesse i panterettsleg samanheng. Det er også truleg at samanhengen mellom formuesgoda varemerkerettar og overlappende domenenamn vil spele ein viktig rolle ved løysinga av problemstillingane i begge kategoriar.

Vidare er det verdt å kort nemne ei vurdering som vert for omfattande til å inkludere i framstillinga. Vurderinga gjeld utfallet i den fyrste kategorien om ervervar sine rettar, ved realisering innanfor og utanfor konkurs.

Når pantet vert realisert ved konkurshandsaming vil ervervar av varemerke ofte òg få erverve retten til domenenamnet dersom dette ventast å gje større utbytte til buet.<sup>87</sup> Her vil det ofte ikkje vere problematisk for ervervar å få begge rettane overført til seg. Når pantet derimot realiserast ved einskildsøking vil det òg oppstå eit spørsmål om det er grunnlag for at det overlappende domenenamnet skal fylgje med. I så tilfelle vil det ikkje vere tilstrekkeleg om pantelova gjev heimel for å ta dekning i begge goda. Her må det truleg òg krevjast tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdingslova for å i tillegg drive inn domenenamnet.<sup>88</sup>

Då denne vurderinga vert for omfattande for denne framstillinga vil det i det vidare føresetjast at det har vore gjort ei samla overdraging av varemerket og det overlappende domenenamnet, og spørsmålet er om panthavar òg kan krevje verdien av domenenamnet til dekning for pantekravet.

Framstillinga vil i det fylgjande ta føre seg løyva for pantsetjing av overlappende domenenamn *de lege ferenda* i punkt 3.2, og deretter løyva for pantsetjing *de lege lata* i 3.3. Under punkt 3.3 vil det presenterast potensielle heimlar for pantsetjing, før det i 3.4 presenterast ulike moment som kan støtte ei pantsetjingsløyve i dei enkelte tilfella.

## **3.2 I kva grad domenenamn er skikka som potensielle panteobjekt *de lege ferenda***

Før det drøftast om det kan finnast ein eventuell heimel for pantsetjing av overlappende domenenamn bør det drøftast om dei *de lege ferenda* har eigenskapar som gjer at dei passar som panteobjekt. Det vil difor drøftast kva som skal til for at noko skal eigne seg for pantsetjing, og i kva grad domenenamn kan seiast å ha desse eigenskapane.

For at ein panterett skal ha ein funksjon som tryggingsrett er det ein føresetnad at panteobjektet kan overdragast til panthavar, slik at verdien av det kan realiserast og nyttast til dekning av det pantsikra kravet. Dette inneber for det fyrste at panteobjektet bør kunne gjerast

---

<sup>87</sup> Sjøå dømesvis konkurslova §§ 117 og 117a.

<sup>88</sup> Sjøå tvangsfullbyrdingslova kap. 4 flg.

om i pengar.<sup>89</sup> Dette kjem til uttrykk i pantelova § 1-1 fyrste ledd der det heiter at pant kan gjerast i «formuesgoder». Om rettsgodet ikkje kan gjerast om i pengar har det liten verdi som dekning for panthavar sitt krav, og det vil soleis ha lite kredittskapande effekt. For domenenamn sin del er ikkje dette særleg problematisk. Domenenamn kan bli seld for millionsummar, og det finnast eigne marknader for kjøp og sal av domenenamn.<sup>90 91</sup>

Likevel vil den økonomiske verdien av formuesgodet ha liten nytte dersom pantsetjar ikkje kan få det overført til seg eller avhenda ved tvangssal, slik at verdien kan realiserast. Regelen kjem til uttrykk i pantelova § 1-3 andre ledd, men reknast i tillegg for å fylgje av alminnelege rettsgrunnsetningar i panteretten.<sup>92</sup> I pantelova § 1-3 andre ledd uttrykkast den som at «[n]år en rett ikke kan avhendes, eller bare kan avhendes på visse vilkår, gjelder samme begrensning med hensyn til adgangen til å pantsette retten».

For domenenamn kan det stillast spørsmål ved om krava for overføring i namnepolitikken kan vere ei hindring for pantsetjingsløyva. Her heiter det at «[e]t domenenavn kan fritt overdras, dersom den nye abonnenten oppfyller kravene i regelverket», jf. namnepolitikken punkt 14.4. Kravet inneber i praksis at den som mottok domenenamnet må levere søknad om ny registrering, som vil vere gjenstand for sjølvstendig prøving av om den nye eigaren oppfyller vilkåra i namnepolitikken.<sup>93</sup> Ein får soleis ikkje ei endeleg stadfesting av at domenenamnet kan overdragast før realisasjonstidspunktet.

Skal pantelova § 1-3 andre ledd forståast på ordet kan den tilseie at godkjenning må skje på tidspunktet for pantsetjing. Då NORID ikkje har noko kjend praksis for førehandsgodkjenning av overføring av domenenamn, kan eit slikt vilkår synast vanskeleg å oppfylle for domenenamn. Problemet vert i teorien diskutera som eit spørsmål om løyva til pantsetjing av formuesgode der det krevjast samtykke for overdraging.

Skoghøy meiner på si side at slikt samtykke må liggje føre på pantsetjingstidspunktet. Dette grunnjevast i at verdien av panteretten vil vere usikker dersom ein ikkje veit om

---

<sup>89</sup> Sjø Jens Edvin A. Skoghøy, *Panterett*, 3. utgåve, Oslo 2014 («Skoghøy 2014») s. 32 og Gunnar Eriksen, «Omsettelighet som vilkår for gyldig pant», *Retts hjelp fra kyst til vidde – Festskrift til Jusshjelpa i Nord-Norge 20 år*, Oslo 2009 («Eriksen») s. 118.

<sup>90</sup> Nord.no vart til dømes seld for 1,4 millionar kroner. Sjø [https://www.nrk.no/nordland/privatperson-fikk-1\\_4-millioner-for-nord.no--det-er-det-absolutt-verdt-1.12856911](https://www.nrk.no/nordland/privatperson-fikk-1_4-millioner-for-nord.no--det-er-det-absolutt-verdt-1.12856911)

<sup>91</sup> Sjø til dømes <https://www.domenebors.no>

<sup>92</sup> NUT 1970:2 Rådsegn 8 – Om pant s. 97.

<sup>93</sup> *Lund-utgreiinga* s. 93.

formuesgodet kan overdragast før ved realisasjonen av pantet. Er omsettingsløyva usikker vil panthavar ha lite trygging for kravet sitt, og panteretten kan soleis ikkje verke kredittskapande. Argumentet støttar han med at det er denne løysinga som er vald i særlovgevinga i samvirkelova § 21 der samtykke krevjast på tida for pantsetjing.<sup>94</sup>

Løysinga til Skoghøy har gode grunnar for seg men må nyanserast ut frå kva krav som stillast til samtykket. Argumentasjonen til Skoghøy føreset at det er uføreseieleg om samtykke vil ytast eller ikkje. Dette vil vere tilfellet for formuesgode der overdraging kan nektast på fritt skjønn, slik som i samvirkelova. Noko annleis bør det stille seg for formuesgode der samtykke berre kan nektast av sakleg grunn.<sup>95</sup> For desse vil kravet om saklegheit ved nekting av samtykke i realiteten innebere ein form for presumsjon for overdraging med mindre sakleg grunn til nekting kan påvisast. Dette inneber ein langt sikrare posisjon for panthavar, som kan rekne med at samtykke berre vil kunne nektast for ein mindre krins av kreditorar.<sup>96</sup>

Panthavaren kan soleis yte betre kredittvilkår for pantsetjar.

Det finnast fleire eksempel på at denne løysinga er vald i særlovgevinga. I aksjelova kan overdraging av aksjar berre nektast med sakleg grunn, jf. asl. § 4-16 andre ledd. Vert aksjane pantsett skal samtykke hentast inn på realisasjonstidspunktet, jf. asl. § 4-8 fjerde ledd.<sup>97 98</sup> Det same gjeld tomtefestelova, jf. tfl. § 18 fyrste ledd, jf. tfl. § 17 andre ledd andre setning.<sup>99</sup> Likeins er det for leigerett til næringslokale etter husleigelova, der overdraging berre kan nektast med sakleg grunn, jf. husll. § 8-4 fyrste ledd, jf. tredje ledd, jf. NOU 1993:4 s. 161.<sup>100</sup> Ein likande løysing er vald i burettslagslova der det heller enn sakleg grunn stillast krav til at vedkommande skal bu i bustaden, jf. brl. § 5-2 og førearbeida.<sup>101</sup> Her er det i desto større grad føreseieleg om mottakaren vil oppfylle vilkåra, då det åleine beror på vilja hennar om ho vil flytte inn i bustaden. Løysinga i samvirkelova kan på same viset forklarast med at det ikkje

---

<sup>94</sup> Jens Edvin A. Skoghøy, *Panteloven med kommentarer*, Oslo 2016 («*Skoghøy 2016*») s. 80–81.

<sup>95</sup> Sjø Erik Wold, «Immaterialrett som panteobjekt», *Lov og Rett*, 2006 s. 613–627 («*Wold*») (s. 622) og Kåre Lilleholt, «Utlegg i burettslagsandel», *Lov og Rett*, 1996 s. 59–64 («*Lilleholt 1996*») (s. 64).

<sup>96</sup> I RG 1994 s. 142 skildras eit krav om sakleg grunn som «en ubetinget rett til å overdra», dette vert ikkje heilt riktig, då retten til overdraging er nettopp det – betinga.

<sup>97</sup> Aksjar kan pantsetjast med mindre noko anna er slått fast i vedtektene, jf. § 4-8 fyrste ledd.

<sup>98</sup> I førearbeida til aksjelova er det uttala at regelen er meint som ein presisering av pantel. § 1-3 utan omsyn til korleis § 1-3 elles skal tolkast, jf. NOU 1996:3 s. 117. Dette kan kanskje tale for at ein bør vere varsam med å trekke analogiar frå føresegnet.

<sup>99</sup> Nærmare om dette i Thor Falkanger og Aage Thor Falkanger, *Tingsrett*, 8. utgåve, Oslo 2016 («*Falkanger*») s. 311.

<sup>100</sup> Nærmare om dette i Reidar Myhre, «Overføring av leieretter til næringslokaler», *Tidsskrift for eiendomsrett*, 2005 s. 31–63 (s. 36–37).

<sup>101</sup> Sjø NOU 2000:17 s. 129–130 og Ot.prp. nr. 30 (2002–2003) s. 271.

krevjast sakleg grunn for å nekte overdraging av ein andel i samvirkelag, og at det soleis vil vere lite rettsvisse i om panteretten får verdi.<sup>102</sup>

Vilkåra for overdraging av domenenamn er meir føreseieleg enn eit alminneleg krav om sakleg grunn for samtykkenekt. Her stillast det ikkje berre krav til sakleg grunn – det stillast krav til at ei nekting av overdraging må gjerast med tilvising til krava i namnepolitikken. Dette tilseier at domenenamn bør handsamast likt som formuesgoda ovanfor.

I Lund-utgreiinga vert det argumentera for at domenenamn ikkje eignar seg for pantsetjing. Det framhevast at det ved overdraging av domenenamn må søkast om bytte av abonnement, før ein ved godkjenning slettar den gamle registreringa og opprettar ei ny registrering på mottakaren.<sup>103</sup> Det vart difor lagt til grunn at det «ikke [er] adgang til å overdra det registrerte domenenavnet i betydningen posisjonen i registeret».<sup>104</sup> Konklusjonen vart at «de rettslige rammene for avhendelse [er] til hinder for pantsettelse».<sup>105</sup>

Standpunktet er noko overflatisk drøfta. Som vist ovanfor har lovgjevar vald å opne for pantsetjing der likande tilfelle har vore oppe for Stortinget. Dette ser ut til å vere oversett i utgreiinga. Vidare leggast det vekt på at overdraging krev sletting og ny registrering. Etter mitt skjønn vert dette ein formalitet, som frå partane i overdraginga sin side vil opplevast likt som om registreringa ville vore overført frå avhendar til ervervar. Det sentrale må vere i kva grad namnepolitikken 14.4 faktisk avgrensar overdragingsløyva.

Det var heller ikkje sett som eit hinder for pantsetjing *i seg sjølv* at fiskeløyva i Rt-2009-1502 måtte slettast og registrerast på ny ved overføring.

Dette standpunktet i Lund-utgreininga vart ikkje tatt stilling til i proposisjonen.<sup>106</sup>

Standpunktet i Lund-utgreiinga vert på desse grunnlag tillagt mindre vekt i vurderinga.

Då reglane i namnepolitikken er føreseielege, og i liten grad avgrensar høvet for overføring, vil kredittverdigheita av domenenamn fortsatt kunne vere betydeleg. Det vil soleis vere tenleg

---

<sup>102</sup>Samvirkeandelar kan pantsetjast i like stor grad som dei kan avhendast, noko dei i utgangspunktet ikkje kan, jf. samvl. § 21 fyrste ledd fyrste punktum, jf. samvl. § 20 fyrste ledd. I vedtektene kan det det derimot bestemast at samvirkeandelar kan overdragast med samtykke, og samtykke må i så tilfelle hentast på pantesettingstidspunktet, jf. samvl. § 20 andre ledd og Ot.prp. nr. 21 (2006-2007) s. 260. Meir om dette i *Skoghøy 2016* s. 81.

<sup>103</sup> Sjø namnepolitikken punkt 11.1.

<sup>104</sup> *Lund-utgreiinga* s. 91.

<sup>105</sup> *Lund-utgreiinga* s. 84.

<sup>106</sup> Prop.101 L (2013–2014).

om domenenamn kan pantsetjast. Dei gongane spørsmålet har vore handsama av lovgjevar har dei vald å tillate at samtykke avgjerast på realisasjonstidspunktet viss premissa for avvising er føreseielege, typisk ved krav om sakleg grunn til nekting. Lovgjevarvilja kan slik sett tilseie at namnepolitikken punkt 14.4 ikkje gjer domenenamn ueigna for pantsetjing. Då særleg når kriteria for avvising av domenenamn er endå klarare enn dei som tillatast i lovgjevinga. Standpunktet får dessutan støtte i teorien, dei stadene der spørsmålet om sakleg grunn vert handsama.<sup>107</sup> Avgrensinga i overføringsløyva for domenenamn bør soleis ikkje vere til hinder for pantsetjing.

For driftstilhøyrsla er det verdt å nemne eit tilleggsmoment som støttar at overdraging godkjennast på realisasjonstidspunktet. Då panteretten her gjeld driftstilhøyrsla «slik det er til enhver tid», jf. pantel. § 3-4 femte ledd, vil det stadig tilførast nye formuesgode til driftstilhøyrsla. Skal det stillast krav om samtykke ved pantsetjing – som oppstår når det enkelte formuesgode kjem inn i driftstilhøyrsla – vil det måtte innhentast samtykke for kvart nye formuesgode som har eit slikt krav.<sup>108</sup> Dette sjølv om formuesgodet går ut igjen av driftstilhøyrsla før pantet vert realisert. Eit slikt krav vil passe dårleg i hop med systemet om at driftstilhøyrsla registrerast som ein heilskap, i staden for å registrere kvart enkelt formuesgode som inngår – poenget med slikt tingsambands pant er jo nettopp å kunne handsame det som ein heilskap.<sup>109</sup> Eit slikt krav vil soleis fort gjere driftstilhøyrslapant til eit lite attraktivt alternativ for pantsetjar.

### **3.3 I kva grad domenenamn kan pantsetjast *de lege lata***

#### **3.3.1 Pantsetjing etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav a**

Spørsmålet er vidare om det kan finnast løyve til å pantsetje domenenamn *de lege lata*.

Etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav b kan næringsdrivande underpantsetje «rett til varemerke» som vert nytta i næringsverksemda, som del av driftstilhøyrsla. Vilåret omfattar både registrerte og innarbeida varemerke, og kan soleis omfatte varemerke som òg er registrert som domenenamn.

---

<sup>107</sup> Sjå *Wold* s. 622 og *Lilleholt 1996* s. 64.

<sup>108</sup> Sjå *Wold* s. 623.

<sup>109</sup> Sjå pantel. §§ 3-4 femte ledd og 3-6.

Kva for immaterialrettar som kan pantsetjast som driftstilhøyrsløysle vert i utgangspunktet regulert av pantelova § 3-4 andre ledd bokstav b, og føresegnet må i fylgje Høgsterett reknast for å vere uttømmende.<sup>110</sup> Standpunktet har òg støtte i førearbeida, der dei valde å ikkje opne for generell panteløyve for immaterialrettar.<sup>111</sup> Det vart likevel i same høgsterettsdom opna for at informasjonen i eit kunderegister kunne omfattast i driftstilhøyrsløyslepannten etter bokstav a under «annet utstyr». Som det skal visast i det vidare kan Rt-1992-1629 soleis potensielt ha opna for ei løyve for pantsetjing av domenenamn etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav a.

Vilkåret «annet utstyr» er svært vidt, og kan i seg sjølv peike mot det meste som på noko vis nyttast i verksemda. Tolka i kontekst av «maskiner, redskaper, innbo» synast vilkåret å rette seg mot utstyr som liknar men ikkje omfattast av dei tre fyrste alternativa.<sup>112</sup> Den fysiske karakteren av dei tre andre alternativa kan tilseie ein snevrare tolking av «utstyr» som berre omfattar fysiske lausøyre. Høgsterett ser derimot ikkje ut til å ha lagd denne tolkinga til grunn.

Saka i Rt-1992-1629 gjaldt spørsmålet om eit digitalt kundelister som var oppbevara på data hjå selskapet skulle vere ein del av driftstilhøyrsløyslepannten. Då det ikkje kunne pantsetjast etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav b, måtte kunderegisteret eventuelt vere å rekne som «annet utstyr» etter bokstav a om det skulle kunne pantsetjast.

Både fleirtalet og mindretalet (4–1) var samde om at det ikkje hadde noko å seie om opplysingane hadde vore lagra i eit meir tradisjonelt fysisk medium som eit kundearkiv, eller som datalagra opplysingar – det sentrale var «de opplysninger de er bærer av».<sup>113</sup> Fleirtalet meinte vidare at likskapen med dei andre immaterielle rettane, og spesielt med «know-how» heller ikkje kunne vere avgjerande. Førearbeida hadde tatt avstand frå å opne for pantsetjing av «know-how» då det ville innebere ein slags fråskrivning av retten til å nytte eiga innsikt og kunnskapar. Kunderegisteret kunne ikkje handsamast på same viset fordi det var eit «langt mer håndgripelig og klart avgrenset rettsgode».

Det hadde heller ikkje ein så «personlig karakter som "know-how"» og var «i sterkere grad knyttet til bedriften som sådan». Det vart vidare lagt vekt på omsynet til at verdiane i bedrifta

---

<sup>110</sup> Jf. Rt-1992-1629 på side 1633.

<sup>111</sup> Sivillovbokutvalet foreslo i NUT 1970:2 s. 84 tillegget «og andre liknande rettार», i Ot.prp.nr.39 (1977–1978) vart det beslutta å ikkje videreføre denne ordlyden.

<sup>112</sup> *Skoghøy 2016* s. 265-266.

<sup>113</sup> Rt-1992-1629 på side 1632.

skulle haldast samla ved realisasjon, og ulempa ved at kunderegisteret vart skild frå resten av driftstilhøyrsla ved tvangsauksjon av pantet, der pantedeбитor kan selje kunderegisteret til ein konkurrent av tvangsauksjonskjøparen.

Det vert i teorien argumentert for at dommen berre opnar for panterett i immaterielle gode som finnast lagra på eit fysisk medium.<sup>114</sup> Det synast vanskeleg å finne grunnlag for dette i dommen, særleg med tanke på at både fleirtalet og mindretalet var samde om at det sentrale ikkje var lagringsmediet, men opplysingane dei var berar av. Det viktige må her vere at rettsgodet kan individualiserast og inndrivast for realisering, noko som kjem fram i skilnaden som gjerast mellom kundelister og «know-how».<sup>115</sup> Informasjonen som ei kundeliste inneheld er klart avgrensa og kan disponerast over ved dømesvis å overføre den til ein diskett eller harddisk. Såkalla «know-how» vil på den andre sida vere ein ubestemd masse av kunnskap som finnast i hovudet på dei tilsette i verksemda. Det kan vanskeleg grensast mellom kva kunnskap dei tilsette sit på som er bedrifta sitt «know-how», og kva som er kunnskap dei sit på i eigenskap av privatpersonar.

Skulle ein klare å setje ei slik grense vert det likevel svært utfordrande å finne ein effektiv og påliteleg måte å inndrive denne kunnskapen på for å kunne realisere den, då kunnskapen finn seg i hovudet på dei tilsette – eit medium som vanskeleg kan overdragast.

Vilkåret «annet utstyr» må soleis, på grunnlag av Høgsterett si avgjersle, tolkast i vid forstand til å ikkje berre omfatte lausøyregjenstandar.

Spørsmålet er vidare om domenenamn kan reknast som «annet utstyr» etter pantelova § 3-4 andre ledd bokstav a.

Eit domenenamn nyttast for å utføre oppgåver for verksemda som eit verktøy for marknadsføring, sal, formidling av informasjon og for å opprette kommunikasjon mellom verksemda og kunden. Det kan soleis, særleg i lys av høgsterett si tolking av vilkåret, passe ei skildring som «utstyr».

Vidare kan domenenamn seiast å passe godt over eins med momenta Høgsterett nyttar som argument for at kunderegisteret skal omfattast i driftstilhøyrsla. Domenenamn er kanskje i

---

<sup>114</sup> Sjø *Wold* s. 618 og Jens Edvin A. Skoghøy, «Pantsettelse av immaterielle rettigheter» i *Ånd og rett: festskrift til Birger Stuevold Lassen*, Oslo 1997 s. 935–945 (s. 943).

<sup>115</sup> Sjø Mads Bryde Andersen, *IT-retten*, 2. utgåve, København 2005 («*Andersen*») s. 558, sitert under.



enda større grad eit «håndgripelig og klart avgrenset rettsgode». Dei vil vere klart identifiserbare – er det dømesvis spørsmål om pantsetjing av [www.skreple.no](http://www.skreple.no), vil det vere klart kva domenenamnet er. Desto viktigare er det at domenenamn enkelt kan rådst over for realisering av pantkravet. NORID utfører tvungen sletting eller overdraging ved rettskraftig avgjersle, men dette kan òg gjerast ved klage til Domeneklagenemnda ved enkle domenekonflikar.<sup>116</sup>

Dei rettslege rammene for domenenamnet er klart fastlagde i namnepolitikken, i motsetnad til «know-how» og for kunderegister der reglane er meir uklare.<sup>117</sup> Det har heller ikkje like personleg karakter som «know-how» då det ikkje vert knytt til kunnskapen i hovudet til dei tilsette. Domenenamnet finn seg heller på line med kunderegister der dei begge kan rådst over separat frå menneskja i selskapet.

På grunnlag av den presiserande tolkinga i Rt-1992-1629 og støtte for ei slik tolking for overlappande domenenamn i reelle omsyn, sluttast det at det kan vere grunnlag for å kunne pantsetje overlappande domenenamn som driftstilhøyrslø i visse tilhøve. Momenta som kan tilseie ei pantsetjing i det særlege tilhøvet vil handsamast i avsnitt 3.4.

### **3.3.2 Pantsetjing etter nye pantelova § 4-15**

I EU sitt nye varemerkedirektiv stillast det mellom anna krav til løyve for særskild pantsetjing for varemerke.<sup>118</sup> Med dette i auge har Justisdepartementet fremja eit høyringsnotat for å tilpasse lovgjevinga til krava i direktivet ved å opne for realregistrering, godtruerverv og kreditorstinksjon ved dobbeltsuksjonskonflikar, og utleggspant i varemerke.<sup>119</sup> Enkle endringsforslag – til forskjell frå forslag om ny lov – plar oftast passere handsaming i Stortinget utan store problem. Dette gjer seg særleg gjeldande der lovforslaget byggjer på EØS-forpliktingar og gjeld panterett, eit tema som sjeldan får stor merksemd på Stortinget.<sup>120</sup> På dette grunnlag vert ei lovfesting av særskild panterett i varemerke etter mitt skjønns såpass nærliggande at det er verdt ei drøfting på lik line som alternativet etter dagens lovgjeving.

---

<sup>116</sup> Sjå namnepolitikken punkt 12.1 bokstav a og c om tvungen sletting, punkt 12.3 om tvungen overdraging og punkt 17.3 og vedlegg H om klage på domenenamn som grip inn i tredjepart sine rettar.

<sup>117</sup> Kundearkiv kan etter tilhøva vere beskytta av databasevernet i åndsverklova § 24.

<sup>118</sup> EU-direktiv 2015/2436 art. 23.

<sup>119</sup> Høyringsnotat nr. 18/2638 s. 62–65.

<sup>120</sup> *Marthinussen 2010* s. 94.

Drøftinga gjerast med utgangspunkt i lovteksten slik den er føreslått i høyringsforslaget.<sup>121</sup> Sjølv om den vedtekne lovteksten kan skilje seg frå endringsforslaget vil dette truleg ha liten verknad på denne vurderinga.

Det sentrale er at ordlyden, som i den føreslåtte pantel. § 4-15, rettar seg mot «[r]ett til registrert varemerke» eller likande formulering som krev ei utvidande tolking for at domenenamn skal kunne omfattast. Då domenenamn ikkje er nemnd i høyringsnotatet er det ikkje å forvente at forholdet til domenenamn vert regulert ytterlegare på noko vis i denne lovendringa. Drøftinga vil soleis forsøkast å gjerast på eit slik vis at den vil kunne spegle gjeldande rett, sjølv om lovteksten vert vedteken i ein annan form enn i høyringsnotatet.

Spørsmålet vert soleis om «[r]ett til registrert varemerke» i pantel. § 4-15 i visse omstende kan tolkast utvidande til også å omfatte domenenamn som overlappar med varemerket.

Varemerkeretten er etter vml. § 1 ein «enerett» til å nytte varemerket, og inneber med anna retten til å nekte andre å bruke varemerket etter vml. § 4. Det kan soleis argumenterast for at panteretten òg må omfatte domenenamn som overlappar med varemerket.<sup>122</sup> Varemerkeretten gjev løyve til å stogge bruken av domenenamnet dersom det er registrert på nokon andre.<sup>123</sup> Skal ein rettmessig registrere eit domenenamn som overlappar med eit varemerke er dette på det vilkår at vedkommande sjølv disponerer over varemerkeretten, jf. namnepolitikken punkt 15.1 bokstav b.

Men ei slik tolking vil nok innebere å strekke ordlyden av «varemerke». Domenenamnet har nær tilknytning til varemerkeretten, men kan vanskeleg seiast å vere ein integrert del av den. Dette kan med anna grunn gjevast i at ein kan ha retten til eit domenenamn utan at det naudsynsvis må vere omfatta av eit varemerke. Domenenamnet blir i denne samanhengen meir å sjå på som eit bruk av varemerkeretten, heller enn ein del av varemerkeretten i seg sjølv. Skal overlappende domenenamn kunne omfattast i panteretten til varemerke etter § 4-15, må det soleis gjerast gjennom ei utvidande tolking.

---

<sup>121</sup> Høyringsnotat nr. 18/2638 s. 201 flg, særleg s. 211-212.

<sup>122</sup> Dette føreset vareslags-/tenesteliikskap. Det er i utgangspunktet ikkje noko i vegen for at nokon nyttar domenenamnet [www.skreple.no](http://www.skreple.no) for å selje «gaming»-utstyr, sjølv om varemerket Skreple er registrert for sal av kompostsystem for epleskrottar. Meir om dette under avsnitt 1.4.2 ovanfor.

<sup>123</sup> Jf. vml. § 59. Sjø *Lassen og Stenvik* s. 285.

Avtalepant kan etter legalitetsprinsippet i pantelova § 1-2 andre ledd berre stiftast rettsgyldig der det fylgjer av pantelova eller anna lov. Ein panterett kan soleis berre etablerast med grunnlag i lova si ordlyd.

Problemstillinga er om eit pantsett varemerke etter forholda òg kan omfatte eit domenenamn som anten vanskeleg kan utnyttast utan å krenke varemerkeretten, eller som er naudsynt for å sikre verdien av det pantsette varemerket.

Spørsmålet om høvet til å la panteretten til eit gode omfatte eit anna nært tilknytte gode vart handsama i Rt-2009-1502. Her fekk panthavar ikkje berre tatt dekning i verdien av det pantsette fartøyet, men òg dei tilhøyrande fiskeløyva, mykje grunngeven i den særlege nærleiken mellom formuesgoda. Denne særlege nærleiken har store likskaper med den mellom varemerke og overlappende domenenamn, og kan soleis ha overføringsverdi på vårt tilfelle.

Saka gjaldt spørsmålet om banken sin panterett i fartøyet «Barents Eagle» også omfatta fiskerettane som høyrde til fartøyet då dei var såpass nært knytt til kvarandre. Høgsterett kom fram til at fiskerettane måtte vere omfatta av panteretten fordi dei ikkje var å rekne som eit «bestemt formuesgode» etter pantel. § 1-1. Det var fleire sentrale moment som fekk Høgsterett til å kome til denne slutninga. Både dei *avtalerettslege forholda*, dei *regulatoriske forholda*, *bransjepraksis* og *omsynet til panterettens effektivitet* indikerte ei svært nær tilknytning mellom fiskeløyva og fartøyet, som Høgsterett vidare meinte måtte innebere at fiskeløyva i seg sjølv ikkje var eit bestemt formuesgode. Fiskeløyva måtte soleis vere ein del av panteretten til fartøyet. Det nærmare innhaldet av desse momenta vert drøfta i avsnitt 3.4.

Høgsterett har nok her knytt seg noko nærare til omgrepet «bestemt formuesgode» enn naudsynt. Det ser ut til å leggjast til grunn eit noko strengt og avgrensa formuesgodeomgrep, som ikkje naudsynsvis reflekterer gjeldande rett.<sup>124</sup>

Til dømes vart omgrepet «formuesgode» vald framfor «formuesgjenstand» i dekl. § 2-2 nettopp fordi «gode» er eit meir abstrakt omgrep.<sup>125</sup> Vidare treng ikkje tilknytninga til båten å

---

<sup>124</sup> Det vert oftast tatt avstand frå å gjere ein nærmare avgrensing for kva omgrepet formuesgode omfattar, sjå Kåre Lilleholt, *Allmenn formuerett – fleire rettar til same formuesgode*, 2. utgåve, Oslo 2018 s. 20, Sjur Brækhus, *Innledning til Omsetning og kreditt*, 7. utgåve ved Borgar Høgetveit Berg, Oslo 2010 s. 9 og W. E. von Eyben, *Formuerettigheter – indhold, beskyttelse, overdragelse*, 7. utgåve, København 1983 s. 11–14 og til dels *Skoghøy 2014* s. 19 og *Skoghøy 2016* s. 51.

<sup>125</sup> NOU 1972:20 s. 225.

vere ein hindring for at løyva kan reknast som eit formuesgode, noko som illustrerast godt i *Andersen s. 558*:

«Vil man stifte tinglige rettigheder over ubeskyttet information som sådan, dvs. information, der ikke er genstand for nogen form for immateriel retsbeskyttelse, må dette først og fremmest forudsætte, at denne information kan karakteriseres som et formuegode. Som hovedregel bør der kun kunne stiftes rettigheder over aktiver, der siden hen kan sikre kreditor en økonomisk interesse, der kan realiseres under en senere tvangsfuldbyrdelse. Såfremt tvangsfuldbyrdelsen ikke gør det muligt at realisere denne værdi, f.eks. fordi værdien ikke meningsfuldt kan bortsælges under tvangsauktion, taler meget for at nægte retsstiftelse i aktivet. Når det gælder information, der er *således forankret i et fysisk medium, at en eventuel tvangsfuldbyrdelse kan rette sig imod dette medium*, er det for de fleste praktiske formål muligt at etablere sådanne sikringsrettigheder gennem tiltag mod selve mediet (rådighedsberøvelse af en harddisk med henblik på håndpant mv.). Omvendt er det klart, at information, der flyder frit i form af tanker, strømninger, idéer mv., ikke kan undergives en særlig form for retsbeskyttelse ved blot at blive genstand for en panteret el.lign» (min utheving).<sup>126</sup>

Det sentrale bør vere dekningsmoglegheitene i godet. Sidan fiskeløyva er forankra i båten kan tvangsfullbyrdinga rettast mot denne.

Vidare står det etter mitt syn fram som noko kunstig å argumentere med at noko som har blitt seld for ein vesentlig sum, ikkje er eit omsettelig formuesgode. At eit formuesgode berre kan avhendast saman med eit anna formuesgode vert i teorien heller ikkje sett som ein hindring for pantsetjing der desse pantsetjast saman.<sup>127</sup> Standpunktet harmonerer òg dårleg med rettstilstanden på skatteretten sitt område.<sup>128</sup>

Saka kunne alternativt vore løyst ved å tolke heimelen for skipspant i sjølova § 41 utvidande i staden for å argumentere med at det ikkje var tale om eit «bestemt formuesgode». Her kan det potensielt òg argumenterast med at ein på grunnlag av konstruksjon burde tolke dommen på dette viset.<sup>129</sup> Men dette valet er mindre viktig, då begge framgangsmåtar vil føre til det same

---

<sup>126</sup> Innhaldet av omgrepet formuesgode er relativt uniform i skandinavisk rett, og ytringa har soleis relevans òg for norsk retts tilfelle.

<sup>127</sup> *Eriksen s. 120*.

<sup>128</sup> Fiskeløyver vert rekna som eit formuesgode i skatteretten, sjå til dømes Rt-2005-1461 (avsnitt 46) og Rt-2013-1345 (avsnitt 236).

<sup>129</sup> Nygaard skildrar ein slik konstruksjon som at «ein tek utgangspunkt i domskonklusjonen og forklarar den gjennom ei anna, meir rasjonell eller generell grunngeving enn den dommen byggjer på» i *Nygaard s. 80*.

tolkingsresultatet. Dommen gjev uansett uttrykk for at legalitetsprinsippet, under visse omstende, ikkje er til hinder for å inkludere gode med særleg tilknytning i panteretten.

Vurderinga vil i det vidare fokusere på moment som kan tilseie at ein slik rettsleg nærleik ligg føre for overlappende domenenamn og varemerke.

## **3.4 Sentrale moment i vurderinga**

### **3.4.1 Sterk tilknytning**

Konklusjonen så langt er at det under visse omstende kan vere moglegheiter for at overlappende domenenamn må fylgje med ved pantsetjing av varemerke, anten gjennom driftstilhøyrsla eller gjennom den potensielle heimelen for særskild pantsetjing.

Sjølv om det rettslege grunnlaget for tolkinga er noko ulikt for dei to pantsetjingsformene, vil momenta i favør av pantsetjing i stor grad vere dei same. Dette fylgjer av at grunngjevinga for ei potensiell pantsetjing her vil liggje i den sterke tilknytninga mellom formuesgoda, ein tilknytning som i stor grad gjeld uavhengig av kva pantsetjingsheimel som nyttast. Der det er særleg spesifisera vil det likevel framhevast visse argument som knyt seg til eigenskapane til den særskilde pantsetjingsforma.

Med omgrepet *sterk tilknytning* er det meint forhold som kan indikere ein slik samanheng mellom formuesgoda, at verdien av dei begge bør gå til panthavar ved realisasjon. Her er det ikkje tenkt å gje ein uttømmende og fast bestemd definisjon, der det kan vere føremålstenleg at omgrepet fyllast ut av dei momenta som nyttast i det. Omgrepet vil nyttast mykje i samsvar med momenta i Rt-2009-1502 (Barents Eagle), der nærleik mellom formuesgoda var det sentrale grunnlag for at fiskeløyva måtte inngå i fartøyet sin panterett. Det bør presiserast at dommen ikkje kan nyttast direkte på varemerke og domenenamn, då den gjaldt heilt andre forhold, og fisketillatingar er svært ulikt med domenenamn. Likevel er det ei viss overføringsverdi i dei momenta som Høgsterett la vekt på, som fylgje av likskapstrekka i tilknytninga mellom formuesgoda fartøy og fiskeløyver, og domenenamn og varemerke. Moment frå andre kjelder vil òg kunne nyttast. Det sentrale vil vere at det gjeld moment som kan tale for eller mot at realisasjonsverdien av det overlappende domenenamnet bør gå til panthavaren til varemerket ved realisasjon.

### 3.4.2 Avtalerettslege forhold

Eit av dei fyrste momenta so vart framheva i Barents Eagle-dommen i Rt-2009-1502 var dei avtalerettslege forholda ved panteforholdet. Det vart framheva at vilkåra i både lånetilsegnet, panteobligasjonen og kassakredittkontrakten måtte tolkast slik at tryggingsretten òg skulle omfatte fiskeløyva.<sup>130</sup>

I ein panterettsleg samanheng bør ein vere forsiktig med – og etter mitt skjønn unngå – å gje avtalerettslege forhold vekt i ei slik vurdering. Det panterettslege legalitetsprinsippet stiller som kjend opp ein preseptorisk regel om at panterett berre kan stiftast gyldig ved avtale der det fylgjer av lova. Det bør soleis ikkje vere rom for å avtale seg bort frå ei avgrensing i avtalefridommen. I den vidare framstillinga vil det på dette grunnlag ikkje leggjast særleg vekt på avtalerettslege forhold.

### 3.4.3 Rettslege forhold

Eit langt meir sentralt moment for vurderinga av tilknytning mellom formuesgoda bør etter mitt skjønn vere dei rettslege forholda som regulerer dei. Der rettsreglane kring formuesgoda gjer det vanskeleg å disponere over det eine formuesgodet, utan å samstundes disponere over det andre, kan dette vere eit argument for at samanhengen mellom dei skal få visse rettsverknader.

Dei rettslege forholda spelte ein sentral rolle i vurderinga i Barents Eagle-dommen.<sup>131</sup> Høgsterett framheva at reguleringa av fiskeløyva på fleire stader gjorde den rettslege tilknytninga mellom fiskeløyva og det pantsatte fartøyet såpass sterk at den samla realisasjonsverdien av burde gå til dekning av panthavar sitt krav. Retten la vekt på at fiskeløyva vanskeleg kunne disponerast utan at det samstundes vart disponert over fartøyet. Vidare vart fiskeløyva gjedd for eitt konkret fartøy, og skulle dei overdragast var det ein føresetnad at det opphavelige fartøyet vart kondemnera og alle løyver og kvoter på fartøyet vart gjedd opp.

---

<sup>130</sup> Rt-2009-1502 (avsnitt 59).

<sup>131</sup> Rt-2009-1502 (avsnitt 65).

Det gjerast merknad ved at forholda i dommen vart vist til som *regulatoriske forhold*, medan det for rettskjeldebiletet kring varemerke og domenenamn står fram som meir skildrande å nytte omgrepet *rettslege forhold*.

Det vil i det vidare trekkjast fram forhold ved rettsreglane kring varemerke og overlappande domenenamn som, på liknande vis som for fiskeløyver og fartøy, indikerer ei sterk tilknytning.

Slik det vart vist i kapittel 3.2 ovanfor kan domenenamn omsetjast relativt fritt saman med varemerket det overlappar med. Når det gjeld løyva til å disponere over domenenamnet utan varemerket det overlappar med, kan saken stille seg noko annleis.

Som gjort greie for i innleiinga vil bruk av eit overlappande domenenamn utan varemerkeretten kunne stoggast etter vml. § 59. Det kan soleis seiast å gjelde ei *de facto* avgrensing i løyva til å disponere over domenenamnet utan varemerkeretten det omfattast av, då det vil kunne overdragast men i svært liten grad nyttast.<sup>132</sup>

Igjen vert det presisera at det er betydelege forskjellar mellom formuesgoda i Barents Eagle-dommen, og varemerke og domenenamn. Det er likevel visse likskapstrekk som kan trekkast frå dei rettslege forholda kring fartøyet og fiskeløyva i Barents Eagle-dommen, og varemerke og overlappande domenenamn. Når eit domenenamn vert avhenda, vil registreringa på avhendaren slettast, og ein ny registrering på mottakaren opprettast.<sup>133</sup> Likeins vil ein ved overføring av fiskeløyver frå eit fartøy til eit anna måtte kondemnere det førre fartøyet og gje opp løyva som høyrer til det.<sup>134</sup> Vidare er begge positivt avgrensa rettar som er knytt til ein negativt avgrensa rett, høvesvis eigedomsretten til fartøyet og varemerkeretten.<sup>135</sup>

Samanhengen mellom varemerke og overlappande domenenamn vart adressert i Lund-utgreiinga. Her ser det ut til å føresetjast at det overlappande domenenamnet vil fylgje med der eit varemerke pantsetjast særskild. I forbindelse med drøftinga av om varemerke *de lege ferenda* bør kunne pantsetjast ytrast fylgjande:

«Skal den som erverver en varemerkerett ved realisasjon av særskilt pant kunne gjøre bruk av det tilsvarende domenet, må det registrerte domenenavnet slettes og innføres på ny med ny eier og

---

<sup>132</sup> Unntatt utanfor vare- eller tenesteklassen, sjå note 122.

<sup>133</sup> Lund-utgreiinga s. 93.

<sup>134</sup> Jf. Rt-2009-1502 avsnitt 62.

<sup>135</sup> Sjø Rt-2009-1502 avsnitt 73, Falkanger s. 42 og Svein Kristian Arntzen, «Strukturvotetillatelse som formuesgoder» i *Juss i nord: Hav, fisk og urfolk*, Oslo 2012 s. 121-135 (s. 126).

etter en selvstendig prøving av om en registrering for denne nye eier er i samsvar med vilkårene. Slik sett kan samspillet mellom kjennetegn og domenenavn føyes til som et argument mot å gi adgang til særskilt pantsettelse av kjennetegnsrett» (min utheving).<sup>136</sup>

I tillegg til å føresetje at domenenamnet og varemerket bør overdragast samla til same ervervar, vert det argumentera for at komplekset av overlappende kjenneteiknsrettar gjer varemerke ueigna til særskild pansetjing. Dette vil ikkje naudsynsvis vere så problematisk som utgreiinga framhevar dersom rettsstilstanden som Høringsnotat nr. 18/2638 føreslår vert vedteken.

Det vert i høyringsnotatet berre føreslått å innføre ein heimel for særskild pantsetjing for registrerte varemerke. Då det registrerte varemerket også kan få vern både ved innarbeiding og som sekundært forretningskjenneteikn, vert det føreslått at desse to overlappende kjenneteiknsrettane også bør fylgje med panteretten til det registrerte varemerket.<sup>137</sup> Slik Lund-utgreiinga framhevar vil eit overlappende domenenamn på same viset vere ein del av dette i kjenneteiknekomplekset.<sup>138</sup> Det vil soleis vere gode grunnar for at domenenamnet fylgjer med i pantsetjinga, saman med dei andre kjenneteiknsrettane som etter høyringsnotatet vil inngå i panteretten til det registrerte varemerket.

Vert denne rettsstilstanden vedteken vil det ikkje naudsynsvis vere ei like stor ulempe at kjenneteiknsrettane overlappar, då dei i stor grad uansett vil samlast under panteretten til det registrerte varemerket. Omsynet som Lund-utgreiinga framhevar ovanfor vil i dette tilfellet støtte at domenenamnet fylgjer med i panteretten til det registrerte varemerket. I motsett fall vil domenenamnet isolerast frå kjenneteiknskomplekset.

Potensielt kan det også minke verdien av varemerket at domenenamnet ikkje fylgjer med i realiseringa av panteretten. Eit varemerke kan oftast nyttast for andre vare- eller tenesteklassar enn dei varemerket er registrert for.<sup>139</sup> Å nytte eit domenenamn som er identisk med eller liknande som varemerket vil difor ikkje naudsynsvis vere eit inngrep i varemerkeretten. Domenenamnet kan likevel ha vore ein sentral del av marknadsføringa knytt til det aktuelle varemerket, og soleis kan mykje av verdien av varemerket vere knytt opp i domenenamnet.

---

<sup>136</sup> Lund-utgreiinga s. 93.

<sup>137</sup> Høringsnotat nr. 18/2638 s. 63.

<sup>138</sup> Lund-utgreiinga s. 91.

<sup>139</sup> Unntatt kodakverna varemerker, sjå avsnitt 1.4.2.



Det kan i dette høvet argumenterast for at domenenamnet bør inngå i panteretten, både av omsyn til samanhengen i kjenneteiknskomplekset, og til å sikre verdien av varemerket.

Argumentasjonen kan nyttast på tilsvarande vis for driftstilhøyrsløse, der dei overlappende kjenneteiknsrettane vil vere ein del av driftstilhøyrsla. Det var dessutan av omsyn til samanhengen i kjenneteiknskomplekset, at sekundære forretningskjenneteikn vart inkludert i driftstilhøyrsløpanten i 2010.<sup>140</sup>

Dei rettslege forholda kring varemerke og domenenamn indikere ein sterk tilknytning som kan tilseie at domenenamnet bør fylgje med panteretten til varemerket det overlappar med.

### 3.4.4 Bransjepraksis

Høgsterett kunne i Rt-2009-1502 òg finne støtte i bransjepraksis for at verdien av goda burde fylgje kvarandre ved realisasjon. Her vart det lagd vekt på ein rådande oppfatning i kredittpraksis for at pantavar hadde separatistrett til både skrogverdien og til verdien av fiskeløyva.

Det er ikkje uvanleg at bransjepraksis får vekt innan panteretten, og då særleg praksis frå kredittinstitusjonane, og det seiast å vere ei viss tradisjon for at rettsutviklinga til ei grad styrast gjennom kredittinstitusjonane sin praksis.<sup>141</sup>

Kan det påvisast bransjepraksis kring pantsetjinga av varemerke og overlappende domenenamn, kan det soleis nyttast som eit argument til støtte for ei slik løysing. Det synast for forfattaren vanskeleg å påvise nokon klar slik praksis på feltet. Dette fylgjer truleg i hovudsak av at det er skrive lite om temaet, noko som gjer eventuelle data eller erfaringar frå bransjen lite tilgjengeleg.

Når det gjeld kjøp og sal av varemerke kan det synast å vere ein tendens til å inkludere det overlappende domenenamnet anten eksplisitt, eller implisitt ved å krevje «alle rettar» til varemerket.<sup>142</sup> Slik kontraktspraksis kan ha ei viss overføringsverdi pantsetjingstilfelle òg, der

---

<sup>140</sup> Ot.prp. nr. 98 (2008-2009) s. 96.

<sup>141</sup> *Eriksen* s. 118

<sup>142</sup> Sjå til dømes fylgjande engelske malar for avtale om overdraging av varemerker (i mangel av tilgjengelege norske eksempel): [https://www.eclipse.org/legal/Trademark\\_Transfer\\_Agreement.pdf](https://www.eclipse.org/legal/Trademark_Transfer_Agreement.pdf) (5. linje) <https://contracts.onecle.com/samsonite/mcgregor.tm.1997.10.31.shtml> (punkt 1.)

det kan indikere ein generell tendens til at domenenamn fylgjer med varemerket dei overlappar med.

Det vart i Lund-utgreiinga retta mistanke mot at ein i praksis hadde ein tendens til å inkludere alle formar for kjenneteikn i realisasjonen av driftstilhøyrlepanet utan at det vert reflektera nærare over om dei hadde vern som einerett eller ikkje.<sup>143</sup> Det vert av underteiknande òg mistenkt at ei liknande praksis eksisterer for domenenamn, der domenenamn som inneheld varemerke utan nærare ettertanke vert realisert som ein del av driftstilhøyrsla.

Dersom ein slik eller annan praksis kan bevisast, vil det ut frå argumentasjonen i Rt-2009-1502 kunne antakast at dette vil kunne ha vekt i vurderinga.

### **3.4.5 Panterettens effektivitet**

Vidare kan omsynet til panterettens effektivitet få vekt i vurderinga. Omsynet vernar om panthavar sin forventning om å få mest mogleg effektiv dekning for kravet sitt gjennom panteobjektet. Omsynet må som alltid vegast opp mot omsynet til dei usikra kreditorane, der ei kvar aking av panthavar sin dekningsrett vil minke dekningsretten til dei usikra kreditorane. I Rt-2009-1502 vart omsynet nytta gjennom ei vektlegging av behovet for føreseielege og trygge reglar for panthavarar, slik at dei igjen kunne tilby finansiering til fiskenæringa. Der panthavar har yta kreditt i den tru at han skal få dekning i begge formuesgoda vil han få dårleg dekning for kravet sitt dersom panteretten viser seg å berre gjelde ein båt av relativt låg verdi

For varemerke sin del vil panthavar oftast ha ei forventning om å ta dekning i verdien av alle bruksmåtane til varemerket, i kraft av varemerket sin funksjon som einerett. Dette vil inkludere ei forventning av å ta nytte av den verdien som ligg i utnyttinga av varemerket som domenenamn.

Eit typetilfelle vil her kunne vere verksemder der store delar av verdien til varemerket ligg i domenenamnet. Dette kan typisk vere verksemder som i størst grad er kjend gjennom internett, og driv det meste av marknadsføringa og sala sine gjennom nettstaden sin. Ein kan til dømes tenke seg at ei verksemd har registrert varemerket Leit®, og nyttar det gjennom deira enormt populære marknads plass på internett – leit.no. Dersom det vert etablert panterett

---

<sup>143</sup> Sjø Lund-utgreiinga s. 22.

i varemerket leit kan panthavaren sin verdivurdering av varemerket i stor grad liggje i verdien av domenenamnet. Kanskje reknar panthavar varemerket for å vere verdt 5 millionar kroner, men når verdien realiserast gjennom sal av Leit® og leit.no, vert Leit® verdsett til 2 millionar kroner og leit.no verdsett til 3 millionar kroner, då domenenamnet vert rekna av kjøpar som den store inntektskjelda.

Problemet vil her vere at verdien av varemerket er vanskeleg å slå fast sikkert. Ein kan sjå ein stor del av verdien til varemerket for å komme av domenenamnet, og ein kan motsett sjå ein stor del av verdien av domenenamnet for å liggje i varemerket. Denne grensa vil vere vanskeleg å slå fast.

Er varemerket pantsett som driftstilhøyrsløse kan særleg føremålet om ein samla realisasjon slå inn. Føremålet vert lagt vekt på både i førearbeida og i Rt-1992-1629.<sup>144</sup> Tanken er ein ved realisasjon av driftstilhøyrsla i størst mogleg grad skal kunne halde drifta av verksemda gåande.<sup>145</sup> Dersom ei verksemd er byggja opp kring eit konkret domenenamn bør dette – slik som leit.no – fylgje med dersom omsynet til fortsatt drift skal sikrast.

Kanskje like viktig for panterettens effektivitet er det at dette oftast vil sikre at verdien av domenenamnet oppretthaldast. Ein kan òg sjå det som eit omsyn til størst utbytte frå panteobjektet, med likskapstrekk til realisasjonsreglane i konkurslova §§ 117 og 117a der eigedelane i buet realiserast samla dersom det kan ventast å gje betre prisar.

For leit.no sitt tilfelle vil særleg dei rettslege forholda i kombinasjon med omsynet til panterettens effektivitet gjere seg gjeldande. Den sterke tilknytninga mellom varemerket og det overlappende domenenamnet som fylgjer av regelverket kring dei, supplerast her av at verdien av dei i stor grad overlappar med kvarandre, og i tillegg gjerne gjev best utbytte ved å realiserast samla. Dette gjer det igjen vanskeleg for panthavar å føresjå kor mykje ho kan nytte til dekning for kravet sitt. Skal panthavar kunne vurdere stillinga si på førehand vil det soleis vere tenleg om den særleg sterke tilknytninga som ligg føre her, gjer at verdien av begge goda må gå til dekning av pantekravet.

---

<sup>144</sup> Sjå NUT 1970:2 s. 42.

<sup>145</sup> Ibid. s. 42.

### 3.4.6 Omsynet til rettsvissa

Å kunne vurdere stillinga si på førehand, og kalla rettsvisse, er eit sentralt omsyn i panteretten. Det vert difor særleg lagd vekt på klare og enkle reglar.<sup>146</sup> Omsynet kjem dels av eit ynskje om å fremje ei effektiv omsetjing der ein godtruande kjøpar skal kunne lite på at tingen han kjøper verkeleg høyrer til han, og dels av eit ynskje om at konkursbu skal sleppe å nytte unødig med tid og ressursar frå buet på å avklare reglar om kva som høyrer til buet og kva som er pantsikra. Ei tolking som ikkje går direkte fram av ordlyden vil minke rettsvissa for kreditorane.<sup>147</sup>

På den andre sida kan omsynet til rettsvissa òg støtte pantsetjing av domenenamn, dersom dette er resultatet som pantsetjar har grunn til å forvente. Her er det særleg to typetilfelle der dette kan tenkast å vere nærliggande. Det fyrste er det domenenamnet er innarbeida som eit varemerke. Her kan det tenkjast at eit domenenamn – som vist i avsnitt 1.4.4 – vert brukt i den grad at det får vern som eit innarbeida varemerke.

Til dømes kan me tenkje oss at eit selskap registrerer domenenamnet *strøymleg.no*, der dei tilbyr direkteavspeling av lydbøker, podkastar, musikk og anna lydmateriale. Som den fyrste av sitt slag i Noreg, oppnår tenesta rakst stor popularitet over heile landet. *Strøymleg.no* reknast etter eit par år for å vere eit innarbeida varemerke, og selskapet vel i tillegg å registrere det som varemerke.

Vert varemerket i dette tilfellet pantsett vil det kunne argumenterast for at verdien av domenenamnet bør kunne realiserast av panthavar saman med varemerket. Her har varemerket oppstått på grunnlag av domenenamnet, og ein vil ikkje utan nærare ettertanke sjå varemerket *strøymleg.no*® og domenenamnet *strøymleg.no* som to ulike godar, men heller som to sider av same sak. Det kan seiast å gjelde ei særleg sterk tilknytning mellom varemerket og det overlappende domenenamnet, der varemerket er eit resultat av domenenamnet sjølv. I tillegg vil løysinga, her som i førre tilfelle, finne støtte i dei rettslege forholda og i panteretten sin effektivitet. Panthavar vil her ha like store vanskar med å vurdere dekningsmoglegheitene sine på førehand, der formuesgoda i stor grad får preg av ei eining, både rettsleg og i verdi.

---

<sup>146</sup> Sjå Hans Fredrik Marthinussen, «Ulovfestet ekstinksjon», *Jussens Venner*, 2006 s. 1–29 (s. 4).

<sup>147</sup> For viktigheita av rettsvisse i panteretten, sjå *Marthinussen 2010* s. 95.

Det andre typetilfellet er der eit registrert varemerke er utforma som eit domenenamn. Kjende dømer på slike registrerte varemerke er finn.no<sup>®</sup>, komplett.no<sup>®</sup> og tek.no<sup>®</sup>. Som døme kan ein òg tenkje seg at strøymleg.no vart registrera som varemerke med ein gong, i staden for at det vart innarbeida.

Her vil det på same viset som i førre eksempel vere ei særleg sterk tilknytning mellom varemerket og domenenamnet, der ein vanskeleg klarer å skilje mellom dei, og panthavar på likt vis vanskeleg kan føresjå dekningsmoglegheitene sine, der verdiane av varemerket høyr.no<sup>®</sup> og domenenamnet høyr.no i høg grad vil vere overlappende og vanskeleg å skilje frå kvarandre.

### **3.5 Merknader**

Det vert i framstillinga over presentert løysingar som til ei grad møter motstand frå det panterettslege legalitetsprinsippet. Det vert soleis inga låg terskel for å konkludere med slike løysingar. Når det likevel kan konstaterast ei slik sterk tilknytning som den som kan liggje føre mellom varemerke og overlappende domenenamn, må det vere rom for å slutte at eit domenenamn i visse tilhøve kan fylgje domenenamnet ved pantsetjing. Særleg kan det tenkast ei slik løyve der verdien av varemerket i høg grad er avhengig av domenenamnet, der varemerket er utforma som eit domenenamn eller der varemerket er innarbeida ved bruk av eit domenenamn.

# Litteraturliste

## *Lov*

Kong Christian Den Femtis Norske Lov av 15 april 1687 (Norske Lov, NL)

Lov 31. mai 1918 nr. 4 om avslutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer (avtalelova)

Lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant (pantelova, pantel.)

Lov 8 juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova, kkl.)

Lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv. (foretaksnamelova)

Lov 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp (kjøpslova)

Lov 16. juni 1989 nr. 63 om håndverkertjenester m.m for forbrukere (håndverkertenestelova)

Lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (tvangsfullbyrdingslova)

Lov 27. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-lova)

Lov 24. juli 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova)

Lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste (tomtefestelova)

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova)

Lov 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler (husleigelova)

Lov 21. juni 2002 nr. 34 om forbrukerkjøp (forbrukarkjøpslova)

Lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova)

Lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova)

Lov 9. januar 2009 nr. 2 om kontroll med markedsføring og avtalevilkår mv. (marknadsføringslova)

Lov 31. mai 2010 nr. 4 om beskyttelse av varemerker (varemerkelova, vml.)

Lov 15. juni 2018 nr. 40 om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverklova)

## **Utanlandsk og internasjonal lovgjeving**

EU-direktiv 2008/95

EU-direktiv 2015/2436

### ***Forskrift***

Forskrift 1. august 2003 nr. 990 om domenenavn under norske landkodetoppdomener (domeneforskrifta)

### ***Førearbeid***

NUT 1970:2 Rådsegn 8 – Om pant

NOU 1972:20 Gjeldsforhandling og konkurs

NOU 1993:4 Lov om husleieavtaler

NOU 2000:17 Buretslovene

NOU 2001:8 Lov om varekjenntegn med motiver fra Varemerkeutredningen II

Ot.prp. nr. 30 (2002-2003) Om lov om bustadbyggjelag (bustadbyggjelagslova) og lov om burettslag (burettslagslova)

Ot.prp. nr. 21 (2006-2007) Om lov om samvirkeforetak (samvirkelova)

Ot.prp.nr.98 (2008–2009) Om lov om beskyttelse av varemerker (varemerkeloven)

Lund, Astri M., *Særskilt pantsettelse av immaterialrettigheter: en utredning av spørsmålet om det bør åpnes for særskilt pantsettelse av immaterielle rettigheter* (Oslo 2011)

Prop.81 L (2012–2013) Endringer i lovgivningen om industrielt rettsvern m.m. (styrking av håndhevingsreglene)

Prop.101 L (2013–2014) Endringer i panteloven m.m. (pant i patenter og planteforedlerretter)

Høringsnotat nr. 18/2638 om endringer i varemerkeloven og tolloven mv.

***Dommar***

Rt. 1936 s. 909

Rt. 1969 s. 1

Rt. 1988 s. 1078 (Skipsgaranti)

Rt. 1992 s. 1629 (Kunderegister)

Rt. 1997 s. 1807

Rt. 1998 s. 1988

Rt. 2002 s. 391

HR-2003-819-1 (hpshop.no)

Rt. 2004 s. 1474 (volvoimport.no)

Rt. 2006 s. 1715

Rt. 2009 s. 1502 (Barents Eagle)

Rt. 2011 s. 1553

Rt. 2012 s. 1925

HR-2016-1993-A

RG-2003-997 (Borgarting lagmannsrett)

LB-2013-35584 (Borgating lagmannsrett)

RG-2002-642 (Nordmøre tingrett)

RG-2003-1092 (Asker og Bærum tingrett)



RG-2004-1542 (Oslo tingrett) google.no

TOSLO-2006-136792 (Oslo tingrett)

TSTRO-2011-156571 (Sør-Trøndelag tingrett)

TOSLO-2013-183501 (Oslo tingrett)

TOSLO-2014-192212 (Oslo tingrett)

### ***Avgjersler frå EU-domstolen***

C-39/97

C-206/01 ARSENAL

C-236/08 til C-238/08 Google

### ***Juridisk litteratur***

Andenæs, Mads Henry, *Rettskildelære*, 2. utgåve (Oslo 2009)

Andersen, Mads Bryde, *IT-retten*, 2. utgåve (København 2005) («Andersen»)

Arntzen, Svein Kristian, «Strukturkvotetilatelser som formuesgoder» i *Juss i nord: Hav, fisk og urfolk* (Oslo 2012) s. 121-135

Bergem, John Egil, Berte-Elen R. Konow og Stein Rognlien, *Kjøpsloven 1988 og FN-konvensjonen 1980 om internasjonale løsørekjøp med kommentarer*, 3. utgåve (Oslo 2008)

Bernt, Jan Fridthjof og Synne Sæther Mæhle, *Rett, samfunn og demokrati – innledning til juss-studiet* (Oslo 2007)

Bettinger, Torsten og Allegra Waddell, *Domain name law and practice – an international handbook*, 2. utgåve (Oxford 2015)

Brækhus, Sjur, *Innledning til Omsetning og kreditt*, 7. utgåve ved Borgar Høgetveit Berg, (Oslo 2010)

Brækhus, Sjur og Axel Hærem, *Norsk tingsrett* (Oslo 1964)

- Eckhoff, Torstein, *Rettskildelære*, 5. utgåve (Oslo 2001)
- Eriksen, Gunnar, «Omsettelighet som vilkår for gyldig pant», *Retts hjelp fra kyst til vidde – Festskrift til Jusshjelpa i Nord-Norge 20 år* (Oslo 2009) s. 115–128 («Eriksen»)
- Falkanger, Thor og Aage Thor Falkanger, *Tingsrett*, 8. utgåve (Oslo 2016) («Falkanger»)
- Fleischer, Carl August, *Rettskilder og juridisk metode* (Oslo 1998)
- von Eyben, W. E., *Formuerettigheter – indhold, beskyttelse, overdragelse*, 7. utgåve (København 1983)
- Giertsen, Johan, *Avtaler*, 3. utgåve (Oslo 2014) («Giertsen»)
- Graver, Hans Petter, «Vanlig juridisk metode? Om rettsdogmatikken som juridisk sjanger», *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 02/2008 s. 149–178.
- Hagstrøm, Viggo, *Kjøpsrett* (Oslo 2015)
- Hagstrøm, Viggo, *Obligasjonsrett* (Oslo 2011)
- Helset, Per mfl., *Immaterialrett og produktetterlikning mv. etter markedsføringsloven* (Oslo 2009) (Helset 2009)
- Hov, Jo og Alf Petter Høgberg, *Obligasjonsrett* (Oslo 2017) (Hov og Høgberg)
- Johannesen, Silje, *Varemerkerettslige konflikter under .no* (Complex 9/2002)
- Krüger, Kai, «Tolkning av kontrakter som er tildelt ved anbudskonkurranse», *På rett grunn* (Oslo 2010) s. 111–129
- Lang-Ree, Kari Anne, «Noen kommentarer om forholdet mellom varemerkeretten og domenenavn under .no», *NIR 6/2010* (tilgjengeleg på <https://www.norid.no/domenekonflikter/domeneklagenemnda/NIR-varemerkerett-og-domenenavn.pdf>)
- Lassen, Birger Stuevold og Are Stenvik, *Kjennetegnsrett*, 3. utgåve (Oslo 2011) («Lassen og Stenvik»)
- Lilleholt, Kåre, *Allmenn formuerett – flere rettar til same formuesgode*, 2. utgåve (Oslo 2018)
- Lilleholt, Kåre, *Kontraktsrett og obligasjonsrett* (Oslo 2017) («Lilleholt 2017»)
- Lilleholt, Kåre, «Utlegg i burettslagsandel», *Lov og Rett*, 1996 s. 59–64. («Lilleholt 1996»)
- Marthinussen, Hans Fredrik, *Forholdet mellom panteretten og det sikrede kravet* (Oslo 2010) (Marthinussen 2010)
- Marthinussen, Hans Fredrik, *Tredjemannsproblemene – om formuerettslige argumentasjonsmønstre* (Oslo 2016)

- Marthinussen, Hans Fredrik, «Ulovfestet ekstinksjon», *Jussens Venner*, 2006 s. 1–29.
- Monsen, Erik, *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk* (Oslo 2012)
- Myhre, Reidar, «Overføring av leieretter til næringslokaler», *Tidsskrift for eiendomsrett*, 2005 s. 31–63
- Nazarian, Henriette, *Lojalitetsplikt i kontraktsforhold* (Oslo 2007) («Nazarian»)
- Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve (Bergen 2004) («Nygaard»)
- Skoghøy, Jens Edvin A., *Panteloven med kommentarer*, 3. utgave (Oslo 2016) («Skoghøy 2016»)
- Skoghøy, Jens Edvin A., *Panterett*, 3. utgave (Oslo 2014) («Skoghøy 2014»)
- Sunde, Jørn Øyrehagen, «Frå læring til rettsbruk – metoderefleksjonar i høve skriving av juridiske mastergradsoppgåver», *Jussens Venner*, 01/2009 s. 2–24
- Torjusen, Torjus, *Beslag i domenenavn*, spesialoppgave ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo, 2000 (publisert på <http://www.konkursradet.no/beslag-i-domenenavn.5304589-300307.html> (13.11.18))
- Wold, Erik, «Immaterialrett som panteobjekt», *Lov og Rett*, 2006 s. 613-627 («Wold»)
- Wagle, Anders Mediaas og Magnus Ødegaard jr., *Opphavsrett i en digital verden* (Oslo 1997)
- Ørstavik, Inger Berg, *Innovasjonsspiralen – patentrettslige, kontraktsrettslige og konkurranserettslige spørsmål ved forbedring av patenterte oppfinnelser* (Oslo 2011) («Ørstavik»)

### **Nettsteder**

- Regelverk for .no (navnepolitikken), tilgjengelig på <https://www.norid.no/no/regelverk/navnepolitikk/> (10. desember 2018)
- Regelverk for .no (navnepolitikken) vedlegg H, tilgjengelig på: <https://www.norid.no/no/regelverk/navnepolitikk/vedlegg-h/> (10. desember 2018)
- <https://no.wikipedia.org/wiki/UNINETT> (10. desember 2018)
- <https://sedo.com/us/park-domains/> (10. desember 2018)
- [https://www.nrk.no/nordland/privatperson-fikk-1\\_4-millioner-for-nord.no\\_-\\_det-er-det-absolutt-verdt-1.12856911](https://www.nrk.no/nordland/privatperson-fikk-1_4-millioner-for-nord.no_-_det-er-det-absolutt-verdt-1.12856911) (10. desember 2018)

<https://www.domenebors.no> (10. desember 2018)

[https://www.eclipse.org/legal/Trademark\\_Transfer\\_Agreement.pdf](https://www.eclipse.org/legal/Trademark_Transfer_Agreement.pdf) (10. desember 2018)

<https://contracts.onecle.com/samsonite/mcgregor.tm.1997.10.31.shtml> (10. desember 2018)